



**MELAND KOMMUNE**

# **Økonomiplan 2016 - 2019**

Vedteke i kommunestyret 17.06.2015, sak 46/2015



# Innhald

1	Rådmannen sine kommentarar .....	3
2	Utvikling i folketal i Meland kommune og prognose for økonomiplanperioden .....	5
2.1	Folketalsutvikling dei siste åra .....	5
2.2	Prognose for folketalsutviklinga 2016 - 2019.....	5
2.3	Aldersfordeling og demografi .....	5
3	Kommuneproposisjonen 2016.....	7
3.1	Generelt om kommuneopplegget for 2016 .....	7
3.2	Inntektssystemet i 2016.....	8
3.3	Inntektssystemet vidare framover .....	8
3.4	Veksttilskot .....	8
3.5	Skjønstilskot .....	8
4	Inntektsramme økonomiplanperioden.....	9
4.1	Prognosemodell skatt og rammetilskot .....	9
4.2	Inntekts- og utgiftsrammer 2016 - 2019 .....	9
5	Oppsummering av framlegg til ny tiltak og auka driftsutgifter 2016 – 2019 .....	11
5.1	Utgiftramme alt. 1, kr 10,5 mill i rammeauke til disp. i 2016.....	11
5.2	Utgiftramme alt. 2, kr 15,3 mill i rammeauke til disp. i 2016.....	12
6	Kommentarar til prioriteringar og framtidige utfordringar for dei ulike tenestoområda.....	13
6.1	Tilskot til private barnehagar .....	13
6.2	Kommunal barnehagedrift og investering i ny barnehage.....	16
6.3	Skulane i Meland.....	16
6.3.1	Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden .....	16
6.3.2	Investeringar i nye skulelokalar .....	19
6.3.3	Felles ressursfordelingsmodell for grunnskulen i Meland .....	19
6.3.4	Grasdalen skule .....	19
6.3.5	Meland Ungdomsskule.....	20
6.3.6	Sagstad skule .....	20
6.3.7	Rossland skule .....	20
6.3.8	Vestbygd skule .....	20
6.4	Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan Helse .....	20
6.5	Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan NAV.....	23
6.6	Kommentarar til tiltak og prioriteringar innan Barnevern .....	24
6.7	Tiltak og prioritering innan pleie- og omsorg.....	24
6.7.1	Meland Sjukeheim.....	24
6.7.2	Heimetenesta .....	25
6.8	Tiltak og prioritering innan kultur .....	27
6.9	Plan, utvikling og kommunalteknikk .....	28
6.9.1	Organisering .....	28
6.9.2	Utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk.....	28
6.9.3	Innspel til økonomiplan 2016 – 2019 .....	29
6.10	Tiltak og prioriteringar innan stabar og administrative støttefunksjonar .....	30
7	Investeringar.....	31
7.1	Ordinære investeringar der renter og avdrag må dekkjast over drift .....	31
7.1.1	IKT.....	32
7.1.2	Teknisk.....	32
7.1.3	Kyrkja.....	33
7.1.4	Skular og barnehage.....	34
7.1.5	Helse, sosial og omsorg .....	35
7.1.6	Andre bygg .....	35
7.2	Kommentarar til investering i sjølvkostprosjekt – Vassverk og Avlaup.....	36
7.2.1	Vatn .....	37
7.2.2	Avlaup.....	38
7.3	Oppsummering investeringar .....	40
8	Vidare arbeid med økonomiplanen .....	40

## 1 Rådmannen sine kommentarar

Høg folkevekst og stort tempo i bustadbygginga skal foreinast med ambisiøse mål innan tenestenivå, kvalitet, klima, miljø og transport. Bustad- og vekst utfordring er felles for kommunar rundt Bergen. Satsing på folkehelse, førebygging og tidleg innsats bør såleis vere fundament i kommunen si utforming av bærekraftige tenester ovanfor born, unge og eldre. Kommuneorganisasjonen skal vere handelkraftig og syne evne til omstilling i samspel med innbyggjarane.

Dei økonomiske rammevilkåra er ei utfordring, og tvingar oss til ei streng prioritering. I planperioden vil den reelle veksten i inntekter ikkje vere stor nok til å oppretthalde teneste tilbodet på 2015 nivå. I økonomiplanen er det lagt til grunn ein venta folkevest på om lag 2,5 % i året. Snittet dei siste 5 åra har vore 3,3%. Gjennom kommuneplanlegginga kan vi til ein viss grad styre folkeveksten gjennom å regulere kor mange nye bustader som kan ferdigstillast kvart år. Auka bustadbygging og folkevekst fører mellom anna til behov for auka kapasitet i skular, barnehagar, omsorgsbustader samt auka kapasitet i tenestetilbodet innan dei fleste felt. Berre det å halde oppe dagens nivå vert krevjande i komande økonomiplanperiode, sjølv med auka kompensasjon for høg vekst.

Behovet for kommunale tenester endrar seg i samsvar med folketalsutviklinga og sosiale og økonomiske tilhøve. Det er høge forventningar til tenestene både med omsyn til volum, kvalitet og individuell tilpassing. Stort sett er det gode levekår i Meland. Vi veit at det er sosioøkonomiske skilnadene mellom dei ulike skulekrinsar, og dette gir oss nokre utfordringar. Diverre klare vi i liten grad å gjere noko med dette i framlegg til økonomiplan.

Det som først og fremst er løyst i dette framlegget til økonomiplan er auka tilskot til private barnehagar grunna auka satsar og fleire born, samt auke i tal klassar og klasserom grunna auke i elevtal. Dette er ein direkte konsekvens av å vere ein kommune med høg vekst og ung befolkning. I seg sjølv er dette positivt, men kostbart. Vi har og langt inn noko auke i helsestasjon, skulehelseteneste og rus, i tråd med føringane i kommuneproposisjonen. Denne auken kjem likevel ikkje før i 2017. Dersom økonomiplanen skulle fylgt opp intensjonen i kommuneplanen og andre strategiske planar skulle prioriteringane vore: Folkehelsearbeid, tidleg innsats, rehabilitering og hjelp til sjølvhjelp for å bidra til god livskvalitet og til at tenestebehovet ikkje aukar meir enn naudsynt.

Tidleg innsats må likevel framover prege både tenking, prioritering og innsats for alle aldersgrupper. Vi må jobbe vidare med omstilling innan eldreomsorga der både kvardagsrehabilitering, bruk av velferdsteknologi og mestring vert viktige tema. Ei vidareføring av god kvalitet og tidleg innsats i skular og barnehagar er også viktig. Born og unge sine hjelpebehov er aukande, noko som er både fagleg og økonomisk utfordrande.

Kommunen har som mål å drive verdibevarande vedlikehald. Diverre kan vi ikkje sei e å ha lukkast med dette målet. Vedlikehaldsbudsjettet har vore salderingspost i mange år. Revisor har nok ein gong peika på at vi fører reasfaltering som investering, medan det skulle gått over driftsbudsjettet. I framlegg til økonomiplan klarer vi heller ikkje i tilstrekkelig grad å ta det vedlikehaldsløftet vi burde teke for å sikre at materielle verdiar vert tekne vare på.

Det må leggjast til rette for at kommunen framleis kan vere ein handlekraftig organisasjon, som utviklar og tek i bruk innovative og digitale løysingar. Ein handlekraftig organisasjon fangar opp og responderer raskt på endringar i behov, styrer etter løysingar som er dei beste for fellesskapet og er god på intern og ekstern samhandling. For å møte framtida og utfordringane med naudsynt og rett kompetanse er det viktig at Meland kommune står fram som ein attraktiv arbeidsgjevar. Gjennomføring av vedteken arbeidsgjevarstrategi og styrking av arbeidet og utviklinga av dei menneskelege ressursane og organisasjonen vil måtte ha høg prioritet.

Når det gjeld framlegg til investeringsbudsjett er dette freista å halde så lågt som mogeleg slik at vi ikkje byggjer opp ei for høg lånegjeld. Vi har freista å prioritere strengt og det er først og fremst behov for nye klasserom på Sagstad skule og Grasdalen skule som er prioritert.

Aktiviteten aukar meir enn venta inntektsvekst. I tillegg vil Meland kommune få ein stor framtidig vekst i pensjonskostnadene, noko som vil belaste driftsbudsjetta i åra som kjem. I arbeidet med økonomiplanen har det vore særskilt utfordrande å innarbeide ein reduksjon i eigedomsskatt (tilbake til 3 promille) i samsvar med kommunestyret sitt vedtak. Vi har difor vald å presentere to alternative rammer, ei med eigedomsskatt på 3 promille og ei med eigedomsskatt på 3,5 promille. Vi har heller ikkje klart å leggje inn 3 % overskot i planen. Budsjettert overskot ligg no på 1% av driftsinntektene fråtrekt kapitalkostnader i 2016, og 2% frå 2017.

Både behovet for aktivitetssauke og utvikling i inntekter krev kontinuerleg omstilling og effektivisering. Sjølv om vi har teke store grep dei siste åra, må vi heile tida leite etter gode løysingar som gjer kommunen i betre stand til å møte veksten og redusere tenestebehovet i framtida. Det er avgjerande for vidare økonomiske bærekraft at det vert skapt eit handlingsrom gjennom omprioriteringar. Omprioriteringane bør skje innanfor eksisterande rammer og med effektiv drift innan alle kommunen sine aktivitetsområder.

Ingvild Hjelmtveit

Rådmann

## 2 Utvikling i folketal i Meland kommune og prognose for økonomiplanperioden

### 2.1 Folketalsutvikling dei siste åra

Utvikling i folketal er eit av dei viktigaste basiskriteria for den økonomiske utviklinga i ein kommune. Stor vekst er ei utfordring for mange kommunar, då inntektssystemet er oppbygd slik at grunnlaget for rammeoverføringane og fleire andre inntektsrefusjonar skjer på basis av folketallet pr 1. juli i året før rekneskapsåret. Frå 2014 til 2015 (1. januar) var veksten i folketallet i Meland kommune på 2,55 %, litt lågare enn veksten var frå 2013 til 2014 med 2,7 %. Dei 5 siste åra er gjennomsnittleg folkevekst på 3,3 %, som er den nest høgaste veksten hjå alle kommunar i Norge.

### 2.2 Prognose for folketalsutviklinga 2016 - 2019

Folketalsutviklinga framover vil avhenge av ei rekke forhold, nokre som kommunen sjølv har styring med, men og forhold som ligg utanfor kommunen sin kontroll. Slike kan vere:

- Bustadutviklinga og tilgongen på attraktive bustader i kommunen.
- Sysselsetjing og tilgang på arbeidsplassar i pendelavstand.
- Kommunen sitt generelle omdømme og korleis oppfatninga av det kommunale tenestetilbodet er.
- Forhold i nabokommunane vedr. servicetilbod, bustadtilbod og omdømme.
- Nasjonale utviklingstrekk, som til dømes tilflyttinga til dei store byregionane.
- Utvikling innan samferdsle.

Hordaland fylkeskommune deltek som del av Pandagruppen i eit samarbeidsprosjekt kalla Fylkesprognoser.no (folketal, arbeidsmarknad og bustadbehov) med utarbeiding av demografiske prognosar, sist oppdatert for åra 2015 til 2035. PANDA står for Plan- og analysesystem for næring, demografi og arbeidsmarknad. Forventa folketalsutvikling i Meland er:

År:	2014	2025	2035
pr 31.12. i året	7 736	10 657	13 816
Vekst frå året før	192	2 921	3 159
Vekst i % pr år	2,5 %	2,8 %	2,8 %

### 2.3 Aldersfordeling og demografi


Inntektsmodellen for berekning av skatt og rammetilskot nyttar mellom anna folketal pr 1. juli i året før budsjettåret som grunnlag. I Meland kommune legg vi til grunn ein justert variant av Statistisk Sentralbyrå sin middelalternativ-prognose (MMMM). Denne samsvarer med Hordaland Fylkeskommune sine føresetnadene i Fylkesprognoser.no sin befolkningsmodell. Justeringa er gjort for å tilpasse nivået i folketalsutviklinga til det som er vedteke som vekstnivå i kommuneplanen, og betyr ein vekst på 2,6% pr år i økonomiplanperioden, noko som er litt under det SSB sin modell viser.



Følgjande utvikling pr aldersklasse lagt til grunn for inntektsberekninga i økonomiplanen.

Alder	Faktiske tall			Prognose					
	1. juli F-2012	1. juli F-2013	1. juli F-2014	1. juli P-2015	1. juli P-2016	1. juli P-2017	1. juli P-2018	1. juli P-2019	
0-1 år	310	217	252	258	266	274	283	292	301
2-5 år	337	476	491	499	514	530	545	560	575
6-15 år	1 052	1 065	1 076	1 120	1 167	1 212	1 257	1 305	1 350
16-22 år	669	693	733	725	735	750	760	768	775
23-66 år	3 908	4 086	4 197	4 279	4 370	4 465	4 570	4 680	4 800
67-79 år	436	472	517	564	589	611	635	657	680
80-89 år	172	165	167	175	177	179	181	183	185
90+ år	43	46	44	47	49	50	51	52	53
<b>Sum</b>	<b>6 927</b>	<b>7 220</b>	<b>7 477</b>	<b>7 667</b>	<b>7 867</b>	<b>8 071</b>	<b>8 282</b>	<b>8 497</b>	<b>8 719</b>


Utviklinga kan og beskrivast i følgjande figur:



Endringane frå året før er spesifisert i tabellen under, der vi ser ei årleg auke i 2015 på 200 personar, ein vekst på 2,6 % frå året før.

Alder	Faktiske tal		Prognose					
	1. juli F-2012	1. juli F-2013	1. juli F-2014	1. juli P-2015	1. juli P-2016	1. juli P-2017	1. juli P-2018	1. juli P-2019
0-1 år		35	6	8	8	9	9	9
2-5 år	46	15	8	15	16	15	15	15
6-15 år	13	11	44	47	45	45	48	45
16-22 år	24	40	-8	10	15	10	8	7
23-66 år	178	111	82	91	95	105	110	120
67-79 år	36	45	47	25	23	24	22	23
80-89 år	-7	2	8	2	2	2	2	2
90+ år	3	-2	3	2	1	1	1	1
<b>Sum</b>	<b>293</b>	<b>257</b>	<b>190</b>	<b>200</b>	<b>205</b>	<b>211</b>	<b>215</b>	<b>222</b>
0-1 år	0,0 %	16,1 %	2,4 %	3,1 %	3,0 %	3,3 %	3,2 %	3,1 %
2-5 år	13,6 %	3,2 %	1,6 %	3,0 %	3,1 %	2,8 %	2,8 %	2,7 %
6-15 år	1,2 %	1,0 %	4,1 %	4,2 %	3,9 %	3,7 %	3,8 %	3,4 %
16-22 år	3,6 %	5,8 %	-1,1 %	1,4 %	2,0 %	1,3 %	1,1 %	0,9 %
23-66 år	4,6 %	2,7 %	2,0 %	2,1 %	2,2 %	2,4 %	2,4 %	2,6 %
67-79 år	8,3 %	9,5 %	9,1 %	4,3 %	3,8 %	3,9 %	3,5 %	3,5 %
80-89 år	-4,1 %	1,2 %	4,8 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %
90+ år	7,0 %	-4,3 %	6,8 %	4,3 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	1,9 %
<b>Sum</b>	<b>4,2 %</b>	<b>3,6 %</b>	<b>2,5 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>2,6 %</b>	<b>2,6 %</b>

Vi legg til grunn at veksten i aldersgruppene 0-5 år vert noko lågare enn han har vore dei siste åra, medan veksten i skulealder 6-15 år vert noko høgare. Endringar i innbyggjarar pr år i frå tabellen over kan og beskrivast med følgjande figur som viser vekst pr år pr aldersgruppe :



### 3 Kommuneproposisjonen 2016

#### 3.1 Generelt om kommuneopplegget for 2016

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 4,0 og 4,5 frå 2015 til 2016. Veksten er rekna på grunnlag av inntektsnivået for 2015 som vert lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett for 2015. Revidert nasjonalbudsjett inneheld mellom anna redusert skatteanslag og auke i rammeoverføringane til kommunane i forhold til det vedtekne statsbudsjettet for 2015. Veksten i dei frie inntektene er realauke. Prisjustering til 2016-kroner vil kome som eit tillegg, og kjem i statsbudsjettet til hausten.

Skatteøyret blir fastsett først i statsbudsjettet for å tilpassa skatteveksten til ei målsetjing om at skatteinntektene skal utgjere 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2015 til 2016 skal dekkja auka ressurs-innsats i kommunane til følgjande:

1. Befolkningsutviklinga og den demografiske utviklinga.  
Auka utgifter som følgje av befolkningsutviklinga, både med omsyn til folkevekst og alderssamansetjing, om lag kr 1,7 mrd.
2. Pensjon.  
For kommunane kan pensjonskostnadene samla kome til å auka med om lag kr 900 mill utover det som vert kompensert gjennom prisjustering av inntektene. Innstramming av paramenteren for avkastning vert redusert med 0,05 prosentpoeng frå 2015 til 2016, og er venta å auka kommunane sine utgifter med kr 250 mill. I tillegg vil auke i premieavviket i kommunane i 2015 auka dei årlege amortiseringskostnadene og derav pensjonskostnadene med om lag kr 650 mill i 2016.
3. Auka satsing på rusfeltet  
Kr 400 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til behovet for å styrka dei kommunale tenestene innan rusfeltet.

4. Styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta  
Kr 200 mill. av veksten i dei frie inntektene er knytt til ytterlegare styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta.
5. Fleksible barnehageopptak  
Kr 400 mil er avsett i 2016 til dekking av kostnadar knytt til fleksible barnehageopptak.

## 3.2 Inntektssystemet i 2016

Inntektsutjamninga, småkommunetilskotet og INGAR-ordninga vert vidareført som no. Talletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga som grunnlag for rammeoverføring i 2015 vil som før vere 01.07.

## 3.3 Inntektssystemet vidare framover

I kommuneproposisjonen for 2017 vil det bli ein gjennomgang av :

- regionalpolitiske tilskot (småkommunetilskot m.m.)
- kostnadsnøklane i utgiftsutjamninga
- skattedelen av inntektene.

## 3.4 Veksttilskot

Veksttilskotet vart endra i 2015 slik at fleire kommunar fekk tilskot og tilskotsnivået for aktuelle kommunar vart høgare. Omlegginga vert vidareført i 2016. Kommunen må ha ein årleg gjennomsnittleg folkevekst dei siste tre åra på over 1,6 prosent for å få tilskotet. Det blir gitt kr 55.000,- for kvar innbyggjar over denne vekstgrensa. Auken i samla tilskot for kommunane blir finansiert gjennom trekk i innbyggjartilskotet. For Meland kommune er det venta at veksttilskotet i 2016 vert noko redusert i forhold til 2015, og ytterlegare redusert i 2017-2019 som følgje av redusert folketalsauke i forhold til tidlegare år. Folketalsauke på 2,6% pr år er lagt inn for perioden 2015-2019, medan gjennomsnittleg vekst i perioden 2009-2014 var på 3,3%. Tilskotet er budsjettert med 7,5 mill i 2015, 6,9 mill i 2016, og minkande til 4,6 mill i 2019.

## 3.5 Skjønstilskot

Det er vanskeleg å anslå om Meland kommune får endringar i skjønstilskot i økonomiplanperioden. Frå 2014 til 2015 vart tilskotet redusert med kr 300.000,- til kr 3,9 mill. Dette vert vidareført i økonomiplanperioden.



## 4 Inntektsramme økonomiplanperioden

### 4.1 Prognosemodell skatt og rammetilskot

Nivå på skatteinntekter og rammetilskot er berekna i KS sin prognosemodell som kom i oppdatert versjon 15. mai 2015 og inkluderer alle endringar som kommuneproposisjonen for 2016 legg opp til. Føresetnadene om befolkningsutvikling for Meland kommune i kap. 2 er lagt til grunn. Det er og naudsynt å estimere folketalsauke på nasjonalt nivå i modellen, og Statistisk sentralbyrå sin folketalsprognose frå juni 2014 – normalalternativet (Middels nasjonal vekst - alternativ MMMM) er nytta.

For Meland kommune er følgjande inntektsutvikling berekna:

faste år 2015-priser for årene 2015 - 2019	PROGNOSE							
1000 kr	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	144 681	157 297	170 596	171 931	178 565	184 548	190 743	197 105
Utgiftsutjevning	12 294	9 782	7 310	13 278	16 081	19 363	22 515	24 548
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)	-481	-444	-460	-486	-472	-485	-500	-500
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arb.g.avg)	1 518	-	309	689	1 202	1 202	1 202	1 202
Veksttilskudd	2 506	1 760	4 068	7 469	6 859	4 537	4 581	4 979
Ordinært skjønn inkl bortfall av diff. arb.g.avg.	4 000	3 900	4 200	3 900	3 900	3 900	3 900	3 900
Endringer saldert budsjett 2014			-1 343					
Endringer saldert budsjett 2015 (trekk per innbygger)				-928				
Endringer saldert budsjett 2015 bamehage og rus				770	1 206	1 206	1 206	1 206
Endringer saldert budsjett 2015 - tabell C - skoleh.tjeneste/helsestasjon				125				
Kompensasjon Samhandlingsreformen	21	22	22					
RNB 2015 - generell økning ramme				1 206				
RNB 2015 - økninger bamehage				185	245	245	245	245
RNB2012-2014	213	109	322					
<b>Sum rammetilsk uten inntektsutj</b>	<b>164 751</b>	<b>172 425</b>	<b>185 025</b>	<b>198 138</b>	<b>207 586</b>	<b>214 516</b>	<b>223 892</b>	<b>232 685</b>
"Bykjetrekket" (anslag etter 2010)								
Netto inntektsutjevning	16 057	12 952	18 745	20 672	21 379	22 093	22 852	23 615
<b>Sum rammetilskudd</b>	<b>180 808</b>	<b>185 377</b>	<b>203 770</b>	<b>218 810</b>	<b>228 965</b>	<b>236 609</b>	<b>246 744</b>	<b>256 300</b>
Rammetilskudd - endring i %		2,5	9,9	7,4	4,6	3,3	4,3	3,9
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>143 184</b>	<b>160 999</b>	<b>160 894</b>	<b>169 904</b>	<b>175 712</b>	<b>181 583</b>	<b>187 819</b>	<b>194 087</b>
Skatteinntekter - endring i %		12,4	-0,1	5,60	3,42	3,34	3,43	3,34
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-	-
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>	<b>323 992</b>	<b>346 376</b>	<b>364 664</b>	<b>388 700</b>	<b>404 700</b>	<b>418 200</b>	<b>434 600</b>	<b>450 400</b>
				(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)				
Sum - endring i %		6,9	5,3	6,6	4,1	3,3	3,9	3,6
<b>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</b>	<b>820</b>	<b>1 000</b>	<b>0</b>	<b>-</b>				
(ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - for 2014 fordelt så langt i år)								
Sum skatt (inkl selskaps) og netto skatteutjevning	159 241	173 951	179 639	190 576	197 091	203 676	210 671	217 701
Sum - endring i %		9,2	3,3	6,1	3,4	3,3	3,4	3,3
Rammetilsk kr pr innb. (m selsk skatt frem til 2008)	26 102	25 676	27 253	28 539	29 106	29 316	29 793	30 164
Skatteinntekter kr pr innb. uten selskapskatt	20 670	22 299	21 519	22 160	22 337	22 498	22 678	22 842
Kostnadsindeks (utgiftsutjevningen)	1,0420	1,0306	1,0255	1,0481	1,0551	1,0618	1,0683	1,0716

### 4.2 Inntekts- og utgiftsrammer 2016 - 2019

Basert på føresetnadene om rammetilskot og skatteinntekter kan vi så rekne oss fram til ei utgiftramme som rådmann basert på delegeringsfullmaka kan fordele vidare til dei ulike tenesteområda eller til avsetning som overskot. Tabellen på neste side viser alle netto finansposter inkl. skatt og rammetilskot på tenesteområde 12 i internrekneskapan for Meland kommune.

Det vert presentert 2 alternative utgiftsrammer for 2016. Alternativ 1 (markert med blått) inneber at vi reduserer eigedomsskatten for bustader og fritidseigedommar tilbake til 3 promille slik han var til og med 2013. I tillegg legg vi i dette alternativet opp til eit overskot på 2 % av netto inntekter på finansområdet. Dette gjev ei utgiftsramme i 2016 på kr 409,1 mill, som er ei auke på kr 10,5 mill i forhold til prognose for 2015. Utgiftramma i 2017 er kr 422,5 mill, i 2018 kr 438,8 mill og i 2019 kr 454,5 mill.

Andre finanspostar er framskrive på basis av 2015-budsjettet. Det er lagt inn forventta reduksjon i renteutgifter med kr 1 mill pr år basert på forbetring av låneadministrasjonen.

I 2016 får vi ei stor auke i kostnadar til private barnehagar og til skulane som følgje av 4 nye klassar frå hausten 2015 og 3 nye frå hausten 2016. I alternativ 1 er ikkje inntektsauken stor nok til å dekke opp for desse utgiftene eller gjere nokre nye tiltak innanfor andre tenesteområde, og rådmann legg difor fram eit alternativ 2 med noko høgare utgiftsrammer i 2016.

I alternativ 2 (markert med rødt) er satsen i 2016 for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar den same som i budsjettet for 2015, nemleg 3,5 promille. Det same er lagt inn også i 2017, men redusert til 3 promille frå 2018 igjen.

Overskotet i 2016 er kr 4,2 mill, som er 1,0% av netto inntekter på finansområdet. Utgiftramma i 2016 vert kr 415,1 mill. Rammeauke i forhold til 2015-budsjettet er kr 16,5 mill, som er kr 6,0 mill meir enn i alternativ 1, og vi har midlar til å gjennomføre naudsynte tiltak innan barnehage og skule, og noko til disposisjon til andre tenesteområde. Rammene for 2017-2019 er dei same i alt. 1 og 2.

#### Meland kommune

Oppdatert med tall frå KS prognosemodell pr 15.05.2015 inkl. tall fra RNB2015

tal i 1 000 kr

3,8 %

Netto finans / utgiftrammer Økonomiplan 2016-2019	Regnskap 2013	Regnskap 2014	Budsj. 2015 - Vedtaks	Prognose 2015	alt 1 : Øk-plan 2016	alt 2 : Øk-plan 2016	Øk-plan 2017	Øk-plan 2018	Øk-plan 2019
Skatt	160 999	160 909	174 920	169 900	175 700	175 700	181 600	187 800	194 100
Rammetilskot	173 426	185 025	196 780	198 100	207 600	207 600	214 500	223 900	232 700
Innt. utjamning	12 952	18 745	17 900	20 700	21 400	21 400	22 100	22 900	23 600
<b>Sum skatt og rammetilskot</b>	<b>347 377</b>	<b>364 679</b>	<b>389 600</b>	<b>388 700</b>	<b>404 700</b>	<b>404 700</b>	<b>418 200</b>	<b>434 600</b>	<b>450 400</b>
% vekst i skatt og rammetilsk. pr år		5,0 %	6,8 %	6,6 %	4,1 %	4,1 %	3,3 %	3,9 %	3,6 %
Avdrag	-13 171	-13 509	-14 320	-14 320	-14 300	-14 300	-14 300	-14 300	-14 300
Netto avskrivningar	8 297	8 414	9 066	9 066	8 300	8 300	8 300	8 300	8 300
Netto rentepostar	-2 260	-2 080	-1 835	-1 535	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200	-1 200
Eigedomsskatt, utbytte m.m.:	18 763	36 885	21 489	21 489	19 900	21 800	22 000	20 400	20 600
<b>Sum andre finanspostar</b>	<b>11 629</b>	<b>29 710</b>	<b>14 400</b>	<b>14 700</b>	<b>12 700</b>	<b>14 600</b>	<b>14 800</b>	<b>13 200</b>	<b>13 400</b>
<b>Netto finans før avsetn. til disp.fond</b>	<b>359 006</b>	<b>394 389</b>	<b>404 000</b>	<b>403 400</b>	<b>417 400</b>	<b>419 300</b>	<b>433 000</b>	<b>447 800</b>	<b>463 800</b>
<b>Ramme tenesteområda 2015-nivå</b>	<b>337 926</b>	<b>379 472</b>	<b>398 600</b>	<b>398 600</b>	<b>398 600</b>	<b>398 600</b>	<b>398 600</b>	<b>398 600</b>	<b>398 600</b>
Til disp til overskot og rammeauke i forh. til nivå i 2015			5 400	4 800	18 800	20 700	34 400	49 200	65 200
<i>Netto overskot til disp.fond:</i>	<i>21 080</i>	<i>14 917</i>	<i>5 400</i>	<i>4 800</i>	<i>8 300</i>	<i>4 200</i>	<i>8 700</i>	<i>9 000</i>	<i>9 300</i>
Rammeøkning / til disp i forh. til nivå i progn. 2015					10 500	16 500	25 700	40 200	55 900
<b>Sum utgiftsramme i økonomiplanen</b>	<b>337 926</b>	<b>379 472</b>	<b>398 600</b>	<b>398 600</b>	<b>409 100</b>	<b>415 100</b>	<b>424 300</b>	<b>438 800</b>	<b>454 500</b>
Overskot i % av netto finans	5,87 %	3,78 %	1,34 %	1,19 %	1,99 %	1,00 %	2,01 %	2,01 %	2,01 %
Rammeøkning / til disp i forh. til året før		41 546	19 128	19 128	10 500	16 500	9 200	14 500	15 700
Rammeøkning i % i forh. til året før		12,3 %	5,0 %	5,0 %	2,6 %	4,1 %	2,2 %	3,4 %	3,6 %

Tilrådinga frå departement og fylkesmann er eit overskot på 3 %. Som følgje av stor auke i tilskotet til private barnehagar og trong for auka rammer til skulane kan ikkje rådmann tilrå ei så stor driftsreduksjon på alle tenesteområde som dette i praksis vil innebære. Vi legg difor i økonomiplanperioden til grunn 1,0 % overskot i 2016, og aukar dette til 2 % for 2017-2019.

Overskotet er i økonomiplanen avsett til disposisjonsfond som buffer til uforutsette utgifter. Pr 31.12.2014 er disposisjonsfondet på 17,9 mill. Det vil i framlegget til økonomiplan auke til kr 26,9 mill i 2016 (alt 2) og til kr 54 mill i 2019.

## 5 Oppsummering av framlegg til ny tiltak og auka driftsutgifter 2016 – 2019

Basert på føresetnadene over har vi følgjande framlegg til nye tiltak innanfor tilgjengeleg auke i driftsrammer, og til drift og renter og avdrag på nye investeringar. Merk her at investeringar til vassverk og avlaup vert dekkja innanfor sjølvkostrekneskapen, og såleis ikkje spis av dei disponible rammene.

### 5.1 Utgiftramme alt. 1, kr 10,5 mill i rammeauke til disp. i 2016

Beløp er endring i forhold til prognose 2015

Tal i heile 1000 kr

Navn	2016	2017	2018	2019	Kommentarar
Auka tilskot private barnehagar	8 300	11 400	11 500	15 100	Basert på anslag over utvikling i barnetal, og dagens modell for berekning av tilskot.
Nye klassar på skulane - auka resursbehov	5 300	7 900	10 500	14 900	Samla kostnad nye klassar på Vestbygd, Sagstad, Grasdal og Meland Ungd.skule, samt noko styrking av spes.ped ressursar på skulane.
Redusert auke som følgje av nye klassar i skulen	-1 000				Skulane må i 2016 klare auken i klassetal med kr 1,0 mindre enn i skulane sitt eige budsjettframlegg
Omprioriteringar og innsparingar 2016	-4 100				Rådmann må redusere utgiftramma til tenesteområda for øvrig med til saman kr 2,8 mill i 2016. Ingen andre nye tiltak kan iverksettast utan tilsvarande reduksjon i ramme på andre område.
Andre tiltak 2017-2019		3 500	13 800	21 100	
Renter og avdrag nye skulebygg	1 500	2 100	3 400	3 400	Nye klasserom for å ta i mot vekst i elevtal
Renter og avdrag til nye investeringar i planperioden	500	800	1 000	1 400	Investeringar i tillegg til skulebygg, ikkje oppdaterte tal
<b>Auke i årleg ramme</b>	<b>10 500</b>	<b>25 700</b>	<b>40 200</b>	<b>55 900</b>	

I alt 1 har vi til disposisjon kr 10,5 mill i auka driftsrammer for 2016, aukande til kr 55,9 mill i 2019. Utgiftsauke til private barnhagar vert kr 8,3 mill og skulane får til saman 6 nye klassar hausten 2015 og 2016, med ein berekna kostnadsauke på kr 4,3 mill i 2016. I tillegg reknar vi med auke i renter og avdrag på kr 2 mill som følgje av investeringar i 2015 og 2016. Får å balansere drifta med ein netto rammeauke på kr 10,8 mill må vi difor i sum redusere drifta på andre tenesteområde med kr 4,1 mill og ingen andre nye tiltak kan iverksettast.

Rådmann kan ikkje tilrå eit slikt kutt i driftsrammene og har difor vald å gjere framlegg om eit alternativ 2 som inneber høgare inntekter og redusert overskot, og dermed ei høgare rammeauke i 2016.

## 5.2 Utgiftramme alt. 2, kr 15,3 mill i rammeauke til disp. i 2016

Rådmann vil tilrå ei auke i utgiftramma for 2016 på kr 16,5 mill, for å få midlar til å prioritere auka tilskot til barnehagane, auka kostnader til skulane, samt diverse andre tiltak som ein meiner det er viktig å prioritere for å vidareutvikle tenestetilbodet og den kommunale drifta.

### Prioriterte driftstiltak - økonomiplan 2016 - 2019

Alternativ 2 for 2016: 3,5 promille eigedomsskatt (hus og hytter) og redusert overskot til 1% av netto finansinnt.

Beløp er endring i forhold til prognose 2015

Tal i heile 1000 kr

nr	Navn	2016	2017	2018	2019	Kommentarar
1	Auka tilskot private barnehagar	8 300	11 400	11 500	15 100	Basert på anslag over utvikling i barnetal, og dagens modell for berekning av tilskot.
2	Nye klassar på skulane - auka ressursbehov	5 300	7 900	10 500	14 900	Samla kostnad nye klassar på Vestbygd, Sagstad, Grasdal og Meland Ungd.skule, samt noko styrking av spes.ped ressursar på skulane.
3	Auke i tenestestandard skulane ut frå ny ressursfordelingsmodell.		625	2 400	2 400	Skulane har definert felles nøkkeltal som eit grunnlag for å drive lovleg og forsvarleg opplæring. Tala er samla for alle skulane og fordeling mellom skulane må vurderast kvart budsjettår. Etter eventuell omfordeling mellom skulane har vi skuleåret 2015/2016 4 lærarstillingar for lite. Tala her angir auke med to stillingar i 2017 og nye to i 2018. Ikkje midlar i 2016 til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar.
4	PPT-kontoret - auka stillingsressurs		800	800	800	Har for lite bemanning i forhold til behov i barnehagen og i skulen. Har ikkje tid til å drive rettleiing og rådgjeving. Vurdere i samheng med psykologstilling innan PLOMS. Framlegg frå Tenesteområdet med oppstart i 2016, men ikkje mogeleg å prioritere før i 2017.
5	Barn og unge		375	1 200	1 300	Styrking av helsetjenester for barn og unge; herunder helsesøstertjenester, skolelege og kommunepsykolog
6	Psykisk helse og rusvern		300	600	900	Opptrapping av årsverk til booppfølging, statlig satsing, har forutsatt 70% statlig finansiering og 30% kommunal.
7	Kvardagsrehabilitering - Førebyggjande satsing			1 200	1 200	Meland har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing innan kvardagsrehabilitering. Vil gje gevinstar i form av meir sjølvstende hjå pasiantane, betra helse og reduserte vedtakstimar på sikt. Krev auke ressursar, som sjukepleiestilling, helsefagarbeidar, ergoterapi og fysioterapi.
8	Natt-tenesta - auka kapasitet med 1,8 årsverk	600	1 200	1 200	1 200	Samhandlingsreform og utskrivningstakt frå sjukehus med komplisert og samansett sjukdomsbilde hjå pasientar set auka krav til sjukepleiarkompetanse innan natt-tenesta. Krav til medisinsk-teknisk kompetanse er aukande i døgn kontinuerleg tenesteyting. Natt-tenesta handterer som kjent både institusjon og heimebuande pasientar.
9	Auka stillingsressurs økonomikontoret	500	500	500	500	Økonomikontoret manglar ressursar til utføring av viktige arbeidsoppgåver, til økonomisk internkontroll, og til naudsynt service ovanfor andre tenesteområde, der økonomikompetanse generelt er låg. Viktig å prioritere styrking her.
10	Politiske møter på dagtid	200	200	200	200	Tapt arbeidsforteneste, møtemat m.m
11	Konsulenttenester kommunestruktur/frikjøp	500	500	500	500	Det vil bli behov for kjøp av prosessstøtte og frikjøp av tilsette/tillitsvalde og folkevalde.
12	Drift av kommunale bygg og anlegg	400	500	900	1 000	Etter kvart som bygningsmassen aukar, aukar dei faste kostnadene til driftsstyring, låssystem, forsikringar, straum, reinhald, renovasjon, kommunale avgifter osv.
13	Diverse innsparingar	-1 300	-1 500			Redusering av utgiftramma til tenesteområda for øvrig med til saman kr 1,3 mill i 2016 og kr 1,5 mill i 2017.
14	Andre tiltak 2017-2019			4 300	11 100	Midlar til å prioritere fleire nye tiltak i 2018 og 2019
15	Renter og avdrag nye skulebygg	1 500	2 100	3 400	3 400	Nye klasserom for å ta i mot vekst i elevtal
16	Renter og avdrag til nye investeringar i planperioden	500	800	1 000	1 400	Investeringar i tillegg til skulebygg, ikkje oppdaterte tal
	<b>Auke i årleg ramme</b>	<b>16 500</b>	<b>25 700</b>	<b>40 200</b>	<b>55 900</b>	

Grunna den store auken til skule og barnehagane er det lite rom for auke til andre tiltak, men det er lagt inn nokre tiltak innan helse og pleie- og omsorg, samt ein del naudsynte tiltak innan administrasjonen. Vi legg i tillegg til grunn at tenesteområda i sum må spare inn 1,3 mill i 2016 og 1,5 mill i 2017 innanfor dei aktivitetane og tiltak som ligg i dagens drift.

I 2018 er kr 4,3 mill og i 2019 er kr 11,1 mill ikkje fordelt på tiltak, og står ope for prioritering til ny rullering av økonomiplanen.

## 6 Kommentarer til prioriteringar og framtidige utfordringar for dei ulike tenesteområda

### 6.1 Tilskot til private barnehagar

Tilskot til private barnehagar er ein av dei store utgiftspostane til kommunen, som ein og veit vil koma til å vekse dei neste åra. Kostnadsveksten vert særleg stor i 2016 og 2017 fordi lågt barnetal pr 31.12.2014 i den kommunale barnehagen gjer utslag på tilskotsberekninga for begge desse åra. I 2016 vil nesten heile auken i frie inntekter måtte nyttast til auke i tilskot til dei private barnehagane, uavhengig av auke i barnetal.

Tabellen nedanfor syner forventa utvikling i barnetal totalt i kommunen og talet på barn i barnehagane i Meland. 1. jan 2015 var det totalt 597 barn i barnehagane i kommunen, som er 92% av tal på barn i aldersgruppa 1-5 år i Meland kommune på same tidspunkt, som er 647. Vi føreset at barn som ennå ikkje er fylt eitt år i hovudsak ikkje er i barnehage. Pr 1. januar 2015 er det 30 born i den kommunale barnehagen, medan det er 567 i dei private. Vi reknar med å auke barnetale i den kommunale barnehagen til 38 i økonomiplanperioden, medan resten av veksten kjem i dei private barnehagane.

I løpet av 2015 reknar vi med ei auke i talet på barn i barnehagen med 28, medan veksten i talet på barnehagebarn er rekna å verte berre 13, og prosentdelen som er i barnehage aukar til 95% ved utgangen av 2015. Vi legg til grunn i økonomiplanen at veksten i talet på barnehagebarn omtrent vil svare til den forventa veksten i barn i aldersgruppa 1 – 5 år, slik at vi 1. januar 2019 har totalt 700 born i barnehagane i Meland kommune, noko som er 97 % av prognosen for befolkningsgruppa 1 – 5 år.

Utvikling Barnetal i Meland kommune samanlikna med barnehageplassar 2011 - 2019									
Folketal pr dato:	01.01.11	01.01.12	01.01.13	01.01.14	01.01.15	01.01.16	01.01.17	01.01.18	01.01.19
År	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Innbyggere 0 år	94	99	124	124	127	131	135	140	144
Innbyggere 1-5 år	546	564	591	620	647	656	680	707	724
Innbyggere 0-5 år:	640	663	715	744	774	787	815	847	868
Økning fra året før	23	52	29	30	13	28	32	21	8
Økning i %	3,59 %	7,84 %	4,06 %	4,03 %	1,68 %	3,56 %	3,93 %	2,48 %	0,92 %
Barn i kommunale barneh. 1.1 i året:	66	60	71	36	30	38	38	38	38
Barn i private barneh. 1.1 i året:	415	447	458	562	567	587	612	637	662
<b>Sum barn i barnehage 1.1 i året:</b>	<b>481</b>	<b>507</b>	<b>529</b>	<b>598</b>	<b>597</b>	<b>625</b>	<b>650</b>	<b>675</b>	<b>700</b>
Endring kommunale i løpet av året:	-6	11	-35	-6	8	-	-	-	
Endringar private i løpet av året	32	11	104	5	20	25	25	25	25
<b>Sum endringar i løpet av året:</b>	<b>26</b>	<b>22</b>	<b>69</b>	<b>-1</b>	<b>28</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>25</b>	<b>25</b>
Økning i %	5 %	4 %	13 %	0 %	5 %	4 %	4 %	4 %	4 %
Andel barnehageplassar av barn 0-5 år:	75 %	76 %	74 %	80 %	77 %	79 %	80 %	80 %	81 %
Andel barnehageplassar av barn 1-5 år:	88 %	90 %	90 %	96 %	92 %	95 %	96 %	95 %	97 %

Satsane for tilskot til dei private barnehagane er berekna i økonomiplanperioden ut frå eit kalkulert kostnadsnivå og barnetal i den kommunale barnehagen 2 år før tilskotsåret, samt prognose for barnetal i dei private barnehagane 15. des i året før tilskotsåret. Det gis også tilskot for oppstart av nye avdelingar i tilskotsåret etter avtale om dette med kommunen.



### Satsar private barnehagar i Meland kommune samanlikna med nasjonale satsar

Kommunale satsar ordinære barnehager:	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Små barn:	170 792	178 467	148 585	176 566	156 844	181 067	179 486	171 474	171 474
Store barn:	82 861	86 780	70 178	85 357	73 663	87 122	86 243	81 792	81 792
Kapitaltilskudd:	6 042	5 092	4 100	4 864	9 500	9 500	9 500	9 500	9 500
Sum små barn:	176 834	183 559	152 685	181 430	166 344	190 567	188 986	180 974	180 974
Sum store barn:	88 903	91 872	74 279	90 221	83 163	96 622	95 743	91 292	91 292
%-sats private ekskl. Drømmehagen:	7/12 88%	7/12 91%	7/12 92%	7/12 96%	98%	98%	98%	98%	98%
	5/12 91%	5/12 92%	5/12 96%	5/12 98%					
%-sats Drømmehagen			100%	100%	100%	100%	100%	100%	100%

%-vis endring i sats frå året før	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Små barn:		3,8%	-16,8%	18,8%	-8,3%	14,6%	-0,8%	-4,2%	0,0%
Store barn:		3,3%	-19,1%	21,5%	-7,8%	16,2%	-0,9%	-4,6%	0,0%

Nasjonale satsar ordinære barnehager:	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Små barn:	172 400	173 500	181 000	191 300	197 600	197 600	197 600	197 600	197 600
Store barn:	84 000	85 000	88 000	93 300	96 100	96 100	96 100	96 100	96 100
Kapitaltilskudd:	7 800	7 600	7 500	9 100	9 500	9 500	9 500	9 500	9 500
Sum små barn:	180 200	181 100	188 500	200 400	207 100	207 100	207 100	207 100	207 100
Sum store barn:	91 800	92 600	95 500	102 400	105 600	105 600	105 600	105 600	105 600

Meland kommune sine satsar i forhold til dei nasjonale satsane (inkl. kap.tilskot):	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Små barn:	-2%	1%	-19%	-9%	-20%	-8%	-9%	-13%	-13%
Store barn:	-3%	-1%	-22%	-12%	-21%	-9%	-9%	-14%	-14%

Avvik mellom Meland kommune sine satsar og nasjonale satsar dersom ekstraordinære tilskot i 2013 og 2015 tas hensyn til:									
Små barn:			-13%		-13%				
Store barn:			-17%		-15%				

Nasjonale satsar familiebarnehager:	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Små barn:	133 000	138 000	142 700	148 200	152 900	152 900	152 900	152 900	152 900
Store barn:	106 600	105 300	109 000	109 000	109 000	109 000	109 000	109 000	109 000
Kapitaltilskudd:	11 700	12 000	11 600	11 600	11 600	11 600	11 600	11 600	11 600

Øvst i tabellen over står dei kommunale satsane. Desse har svinga mykje, avhengig av kostnadsnivå og barnetal i den kommunale barnehagen. Frå 2012 til 2013 hadde vi ein stor nedgong i satsar, med henholdsvis 16,8% for små born og 19,1% for dei store borna. Nedgongen vart delvis kompensert med ei ekstra løyving på kr 3,1 mill for 2014. Vi har så ei stor auke i satsar frå 2013 til 2014 med kring 20%, som i hovudsak skuldast redusert barnetal i den kommunale barnehagen Pr 31.12.2014.

Frå 2015 vart regelverket endra, og ein skulle nytte 2 år gamle rekneskap som grunnlag for tilmåling av satsar. Dette medfører ein reduksjon i satsane frå 2014 til 2015 som følgje av at ein nå legg rekneskap og barnetal for den kommunale barnehagen i 2013 til grunn. 2013 var eit år med store innsparingar i den kommunale drifta, og låge kostnader. Nedgongen er delvis kompensert med at ein planlegg å nytte nasjonale satsar for kapitaltilskot frå og med 2015, noko som innber ei dobling av dette tilskotet i forhold til 2014 (auke frå kr 4.864,- i 2014 til kr 9.500,- i 2015). Kommunestyret har avsett ein budsjettpost på kr 5 mill for ytterlegare å kompensere for nedgongen i satsar frå 2014 til 2015, og ein er i dialog med dei private barnehagane om korleis desse midlane skal fordelast. Frå 2015 til 2016 vil tilskotssatsane så igjen auke med heile 14,6% for små born og 16,2% for store born. Dette som følgje av at vi i 2014 har færre born i den kommunale barnehagen og noko auke i kostnadane i forhold til 2013.

I tabellen over har vi og gjort ei samanlikning av satsane i Meland kommune med dei nasjonale satsane. Medan vi i 2012 låg på nivå med desse, er vi i 2013 kring 20% under. Tilsvarende gjeld for 2015, men ekstraløyvinga på kr 5 mill reduserer avviket til dei nasjonale satsane til 13% for små born

og 15% for store born. I 2016 reknar vi med at vi vil ligge 8% og 9% under dei nasjonale satsane, aukande til 13% og 14% for 2018-2019.

Basert på satsane i tabellen på førre side og utviklinga i barnetal har vi så rekna ut den totale summen i tilskot til dei private barnehagane i økonomiplanperioden.

Gj.snittleg vekta barnetal som grunnlag for tilskot	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Små barn i ordinære barnehagar:	118	141	157	224	230	245	260	275	290
Store barn i ordinære barnehagar:	262	275	307	310	324	331	341	351	361
<b>Sum barn i ordinære barnehagar:</b>	<b>380</b>	<b>416</b>	<b>463</b>	<b>535</b>	<b>554</b>	<b>576</b>	<b>601</b>	<b>626</b>	<b>651</b>
Små barn i familiebarnehagar:	14	15	15	10	8	8	8	8	8
Store barn i familiebarnehagar:	3	4	3	6	2	2	2	2	2
<b>Sum familiebarnehagar:</b>	<b>17</b>	<b>19</b>	<b>17</b>	<b>16</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>10</b>
<b>Sum alle:</b>	<b>397</b>	<b>435</b>	<b>481</b>	<b>551</b>	<b>564</b>	<b>586</b>	<b>611</b>	<b>636</b>	<b>661</b>

Tilskotsutrekning (mill kr):									
Små barn (0-2 år):			24,0	40,2	36,9	45,1	47,4	47,9	50,5
Store barn (3-6 år):			20,5	26,4	23,7	28,6	29,2	28,5	29,3
Kapitaltilskudd:			2,0	2,7	5,3	5,5	5,8	6,0	6,2
<b>Sum ordinært tilskot</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>46,5</b>	<b>69,3</b>	<b>65,9</b>	<b>79,2</b>	<b>82,3</b>	<b>82,4</b>	<b>86,0</b>
Tillegg og justeringar			1,1	3,1	5,0				
<b>Sum:</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>47,6</b>	<b>72,4</b>	<b>70,9</b>	<b>79,2</b>	<b>82,3</b>	<b>82,4</b>	<b>86,0</b>
Auke frå året før		-		24,9	-1,6	8,3	3,1	0,1	3,6
Auke frå året før i %		-	-	52,2 %	-2,2 %	11,8 %	3,9 %	0,1 %	4,4 %

I 2015 reknar vi med at tilskotssummen vert kr 70,9 mill, som er kring 0,5 mill lågare enn budsjettert. I 2016 har vi budsjettert med eit totalt tilskot på kr 79,2 mill. Auken i satsane utgjer totalt kr 13,3 mill, men det ekstraordinære tilskotet på kr 5 mill i 2015 gjer at netto auke i tilskotsramma til dei private barnehagane frå 2015 til 2016 vert på kr 8,3 mill. I 2017 får vi ei moderat auke på kr 3,1 mill, medan vi i 2018 satsar på at tilskotet vert omtrent uforandra, og ny moderat auke i 2019.

Det kan vere lett å tenkje seg at vi bør avvikle den kommunale barnehagedrifta, la private ta seg av dette, og betale tilskot basert på meir stabile nasjonale satsar. Administrasjonen vil sterkt frarå dette, av 2 årsaker:

- Det vert mykje dyrare.  
Som tabellen på førre side syner vil vi i økonomiplanperioden ligge ca 10% til 15% under dei nasjonale satsane. Ei simulering av mogeleg overgang til rein privat barnehagedrift gjev årleg kostnadsauke på kr 7,2 mill i 2016, kr 8,3 mill i 2017, og 13,2 mill i 2018.
- Vi mister styring med barnehagesektoren.  
Ein balansert barnehagedrift med både kommunal og privat drift sikrar naudsynt kompetanseutvikling og mangfald innan sektoren.

Andre kostnader til ansvarsområdet private barnehagar er løn og andre utgifter til barnehagefagleg rådgjevar, samt støtte til søskenmoderasjon og redusert foreldrebetaling grunna låg inntekt. I tillegg må vi betale for born frå Meland kommune som er i barnehagar i andre kommunar, og vi får inntekter frå born frå andre kommunar som går i barnehagar i Meland.

Utdanningsdepartementet har sendt ut på høyring sak om endring i finansieringsordninga for private barnehagar og modellar for utrekning av tilskotet til dei private barnehagane. Meland kommune vil gje høyringsuttale i eigen sak. Kommunen legg til grunn gjeldande regelverk i berekninga av satsane i økonomiplanen.

## 6.2 Kommunal barnehagedrift og investering i ny barnehage

I økonomiplanen legg vi til grunn at Marihøna barnehage vert drive vidare som i budsjettåret 2015. Det vert tilsett ein ny pedagog i barnehagen frå 1. august 2015, og vi legg opp til ei auke i barnetalet til 38 for å utnytte denne ressursen best mogeleg. Total auke i barnetal for barnehagane i Meland kommune (inkl. den kommunale barnehagen) frå 1.1.2015 til 31.12.2019 er budsjettert til 128, frå 597 til 725. Denne auken er i hovudsak budsjettert som auke i dei private barnehagane. Dette er gjort for å forenkle budsjettprosessen. Rekneskapstala frå drifta av Marihøna barnehage kan tyde på at det vert litt billigare med kommunal drift enn vidare utbygging av private barnehageplassar, men ikkje vesentleg i forhold til berekninga av total ramme for barnehagekostnadar i økonomiplanen.

Administrasjonen har ved fleire høve peika på at det er viktig at ein får ein betre balanse mellom talet på kommunale og private barnehageplassar, slik at tilskotsberekninga vert meir stabil frå år til år. Det er og viktig for kommunen sitt handlingsrom når det gjeld å styre kostnadane at kommunen har ein større kommunal barnehage i eigen drift.

Det er usikkert kva som er kapasitetstaket i dei private barnehagane, men den er truleg ikkje stor nok til å dekke auken i barnetal i økonomiplanperioden. Vi veit det er plass til eit par avdelingar i Drømmehagen og truleg noko auke i dei andre, litt avhengig av kor i kommunen auken i barnetalet kjem. Vi ser for oss at ny barnehage må vere klar til å bruk i 2019. Ny barnehage må ha plass til minimum 150 born, og byggjast ut gradvis etter kvart som det er behov for ny kapasitet.

Føljande framlegg til nye driftstiltak er fremja frå tenesteområdet. Berre auken i tilskot til private barnehagane er prioritert i rådmannen sitt framlegg.

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå Barnehagesektoren						
nr.	Navn	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	Auka tilskot private barnehagar	8 300	11 400	11 500	15 100	Basert på anslag over utvikling i barnetal, og dagens modell for berekning av tilskot.
2	Foreldreveiledningsprogram ICPD	350	350	350	350	Tverrfaglig samareid
3	Styrking PPT	450	450	450	450	Styrka kapasitet grunna auka tal elevar og barnehagebarn
4	Ny spesialpedagog barnehage	450	450	450	450	Auke i tal barnehagebarn krev auka ressurs på dette feltet
5	Læringsesatsing	500	1 000	1 000	1 000	Kommunen bør ha fleire lærlingar, særleg innan PLOMS og skule.
Sum framlegg til auke i årleg ramme		10 050	13 650	13 750	17 350	
nr.	Prioriterte tiltak:	2016	2017	2018	2019	
1	Auka tilskot private barnehagar	8 300	11 400	11 500	15 100	Basert på anslag over utvikling i barnetal, og dagens modell for berekning av tilskot.
Sum prioriterte tiltak		8 300	11 400	11 500	15 100	

## 6.3 Skulane i Meland

### 6.3.1 Elevtalsutvikling og utvikling i talet på klassar i økonomiplanperioden

Basert på tal på elevar i skulen og folkeregisteruttrekk av talet på born under skulepliktig alder har vi laga fylgjande prognose for tal elevar i dei ulike årsklassane:

Forventa elevutvikling basert på skuleår 14/15							Elevar i klassen pr klasstrinn 14/15:									
							1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Born fødd pr år:	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	2000	1999
Grasdalen skule	19	28	30	34	23	26	29	11	26	16	12	12	13			
Sagstad skule	57	59	75	52	53	67	69	64	50	48	43	47	41			
Meland Ung.skule	76	87	105	86	76	93	98	75	76	64	55	59	54	43	53	57
Vestbygd skule	24	32	22	26	15	34	25	29	32	28	26	24	17			
Rosslund skule	8	11	11	12	19	17	16	17	18	16	19	17	22			
Rossl. ungd.skule	32	43	33	38	34	51	41	46	50	44	45	41	39	29	46	38
<b>TOTAL</b>	<b>108</b>	<b>130</b>	<b>138</b>	<b>124</b>	<b>110</b>	<b>144</b>	<b>139</b>	<b>121</b>	<b>126</b>	<b>108</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>93</b>	<b>72</b>	<b>99</b>	<b>95</b>
Skuleåret 2015/16:	Elevtal 1-7 klasse :					<b>787</b>	Elevtal 8-10 klasse:				<b>266</b>	Elevtal totalt: <b>1 053</b>				

Ut frå dette oversynet kan vi summere elevtal pr skuleår i økonomiplanperioden. Vi får ein vekst pr år framover på mellom 11 og 52 born pr år. I tabellen er sum skuleborn i tellinga (inkl. tal på barn i private skular) samanlikna med prognose for folketalsvekst for aldersgruppa 6-15 år. Det er godt samsvar mellom venta folketaksutvikling i aldersgruppa og våre anslag for vekst i elevtal. Folketalsprognosen viser likevel noko større vekst, og det er difor i utrekninga av tal på klassar i tabellen på neste side teke omsyn til at ein og skal takle auke i folketal i dei ulike skulekretsane.

Born fødd i år:	99-08	00-09	01-10	02-11	03-12	04-13	Endring pr år:					
Elevtal - sum pr skuleår:	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019/20	15-16	16-17	17-18	18-19	19-20	
Grasdalen skule	119	132	143	165	179	181	13	11	22	14	2	
Sagstad skule	362	388	394	403	430	439	26	6	9	27	9	
Meland Ung.skule	153	150	156	168	178	195	-3	6	12	10	17	
Vestbygd skule	181	198	189	189	183	183	17	-9	-	-6	-	
Rosslund barneskule	125	120	122	115	110	103	-5	2	-7	-5	-7	
Rossl. ungd.skule	113	114	109	125	130	139	1	-5	16	5	9	
<b>TOTAL</b>	<b>1 053</b>	<b>1 102</b>	<b>1 113</b>	<b>1 165</b>	<b>1 210</b>	<b>1 240</b>	<b>49</b>	<b>11</b>	<b>52</b>	<b>45</b>	<b>30</b>	
<b>Elever i private skoler:</b>	Antar vekst i barn i private skular (pr. år):						3 %					
Danielsen	58	60	62	64	66	68						
NKGS	26	22	23	24	25	26						
<b>Sum elever i private skular</b>	<b>84</b>	<b>82</b>	<b>85</b>	<b>88</b>	<b>91</b>	<b>94</b>	<b>-2</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	
<b>Sum skuleborn pr skuleår:</b>	<b>1 137</b>	<b>1 184</b>	<b>1 198</b>	<b>1 253</b>	<b>1 301</b>	<b>1 334</b>	<b>47</b>	<b>14</b>	<b>55</b>	<b>48</b>	<b>33</b>	
Tal barn 6-15 år i befolkningsprog. pr 1. juli	1 120	1 167	1 212	1 257	1 305	1 350	47	45	45	48	45	
Avvik tal på skuleborn og befolkningsprogn.:	17	17	-14	-4	-4	-16	-	-31	10	-	-12	

Det som i hovudsak er kostnadsdrivaren for skulebudsjettet er talet på klassar. Grovt kan vi rekne lærarressursar på kr 1,0 mill pr klasse på barnetrinnet og 1,4 mill pr klasse på ungdomstrinnet. I tillegg kjem kostnader til investeringar i nye klasserom eller nye skulebygg. I skuleåret 2014/15 er det i Meland kommune totalt 58 klassar ved dei 5 skulane. I skuleåret 2019/20 har vi ein prognose som synar at vi treng 72 klassar, ein auke på 14. Gjennomsnittleg elevtal pr klasse er i skuleåret 2013/2014 er 18,2, og denne er berekna å synke til 17,2 i skuleåret 2018/19, men det er før ein tek omsyn til befolkningsauka. Sjå tabellen nedanfor.

Sum klassar pr skule pr år:	Endring frå året før:											Sum Auke
	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	
Grasdalen skule	9	10	11	12	13	13	1	1	1	1	-	4
Sagstad skule	17	19	20	21	23	24	2	1	1	2	1	7
Meland US	6	6	6	6	7	8	-	-	-	1	1	2
Vestbygd skule	13	14	14	14	14	14	1	-	-	-	-	1
Rosslund skule	13	13	13	13	13	13	-	-	-	-	-	-
<b>Sum pr trinn</b>	<b>58</b>	<b>62</b>	<b>64</b>	<b>66</b>	<b>70</b>	<b>72</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>14</b>
Gj.snitt elever pr klasse:	18,2	17,8	17,4	17,7	17,3	17,2						

I tillegg til elevtalsauke, står skulane ovanfor utfordringar kvart år med auka tal på born som ynskjer bokmål som målform. Dette får konsekvensar for talet på klassar på kvar skule, og behov for klasserom. Vi legg til grunn at vi klarer å løyse utfordringane med omsyn til språkdelling innanfor klassetalet i tabellen over, då det etter kvart vert 2 klassar på kvart trinn pr skule unntateke barneskulen på Rossland.

Den største elevtalsauken kjem på Sagstad skule, der det kjem auke med 7 nye klassar i økonomiplanperioden. Det er lagt til grunn ein større utviding av skulen for å handtere auken. På Grasdal og Vestbygd balanserer elevtalet i kulla som skal begynne på skulen i åra framover slik at det er usikkert om det vert trong for ein eller 2 klassar. Vi legg til grunn at det vert trong for 2 klassar i kvart nytt årskull som begynner på skulen i økonomiplanperioden fordi det viser seg eit behov for deling etter målform. Det er i perioden budsjettet med ein auke med 4 klassar på Grasdal og to på Vestbygd. På Meland ungdomsskule legg vil til grunn at det må aukast frå 2 til 3 klassar pr trinn frå skuleåret 2018/2019. Auken kan koma tidlegare med større tilflytting enn rekna med. Det er og usikkert kor mange barn som vel å gå på private skular.

Behov for rammeauke til 16 nye klassar i økonomiplanperioden i skulane er rekna til å verte kr 5,3 mill i 2016, 9,5 mill i 2017, 13,9 mill i 2018 og 18,3 mill i 2019, alt samanlikna med driftsnivået i 2015. Sjå framlegg til driftstiltak frå skulane i tabellen nedanfor.

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå skulane						
nr.	Framlegg til tiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	Nye klassar alle skulane	5 300	7 900	10 500	14 900	Samla kostnad nye klassar på Vestbygd, Sagstad, Grasdal og Meland Ungd.skule, samt noko styrking av spes.ped ressursar på skulane.
2	Auke i tenestestandard ut frå ny ressursfordelingsmodell.	1200	2 400	2 400	2 400	Skulane har definert felles nøkkeltal som eit grunnlag for å drive lovleg og forsvarleg opplæring. Tala er samla for alle skulane og fordeling mellom skulane må vurderast kvart budsjettår. Etter eventuell omfordeling mellom skulane har vi skuleåret 2015/2016 4 lærarstillingar for lite. Tala her angir auke med to stillingar i 2016 og nye to i 2017. Ikkje midlar i 2016 til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar.
3	PPT-kontoret - auke stillingsressurs	800	800	800	800	Har for lite bemanning i forhold til behov i barnehagen og i skulen. Vurdere i samanheng med psykolog-stilling innan PLOMS. Har ikkje tid til å drive vegleiing og rådgjeving.
4	Vestbygd skule - auke timetal.	250	250	250	250	Frå 2015 er 1.klassekullet på 34 elevar, slik at ein ikkje kan slå saman klassar slik som tidlegare.
5	Grasdal - Utvida assistentressurs	250	250	250	250	Knytt til elevar med spesielle behov
6	Ekstra spesped.-ressurs felles for skulane	1 000	1 000	1 000	1 000	Til nye elevar/vedtak som ikkje er kjend i budsjettarbeidet.
7	SFO- Ekstra ressurs felles for skulane	500	500	500	500	til nye elevar som ikkje er kjend i budsjettarbeidet. Jmf sfo-vedtekter. Summen gjeld totalt 1 stilling fagarbeider
8	Auka ressurs læremidlar alle skulane	750	750	750	750	100' pr skule. Auka utgifter til digitale læremidler, som lisensar, tavlebøker, oppdaterte fagplaner etter 2013.
9	Skulebasert kompetanseutvikling (Etterutdanning)	100	100	100	100	Finnes ikkje sentrale midlar til etterutdanning.
10	Renter og avdrag nye skulebygg	1 500	2 100	3 400	3 400	Sjå eigen liste over kva investeringar dette gjeld.
<b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>		<b>11 650</b>	<b>16 050</b>	<b>19 950</b>	<b>24 350</b>	
nr.	Prioriterte tiltak:	2016	2017	2018	2019	
1	Nye klassar alle skulane	5 300	7 900	10 500	14 900	Samla kostnad nye klassar på Vestbygd, Sagstad, Grasdal og Meland Ungd.skule, samt noko styrking av spes.ped ressursar på skulane.
2	Auke i tenestestandard ut frå ny ressursfordelingsmodell.		625	2 400	2 400	Rådmann prioriterer denne satsinga i skulen, men først frå hausten 2017
3	PPT-kontoret - auke stillingsressurs		800	800	800	Rådmann prioriterer ressursauken frå 2017
4	Renter og avdrag nye skulebygg	1 500	2 100	3 400	3 400	Sjå eigen liste over kva investeringar dette gjeld.
<b>Sum prioriterte tiltak</b>		<b>6 800</b>	<b>11 425</b>	<b>17 100</b>	<b>21 500</b>	



### 6.3.2 Investeringar i nye skulelokalar

Det vert lagt til grunn investeringar på Grasdal skule, Meland Ungdomsskule, Vestbygd skule og Sagstad skule på i alt kr 64,5 mill (ekskl. mva) i økonomiplanperioden.

Det er Sagstad skule som har størst trong for utbygging. Førebels framlegg til utbygging med 6 nye klasserom er ikkje ferdig planlagt, og det er fortsatt usikkert kor mykje som må investerast i dette prosjektet.

### 6.3.3 Felles ressursfordelingsmodell for grunnskulen i Meland

På oppdrag frå rådmann, har tenesteområdeleiarane og rådgjevar for skule, utarbeidet ein felles ressursfordelingsmodell for skulane. Formålet med ein slik modell er:

- Bruke felles aksepterte nøkkeltall/kriterier for ressursfordeling
- Bruke modell til å ujamne forskjellar mellom skulane
- Bruke modellen til å møte dei nye utfordringane skulane står overfor
- Bruk modellen som grunnlag ved tildeling av ressursar til skulane

Modellen skal sikre stabile og føreseielege rammar over tid. Kostra viser at andel elevar som får spesialundervisning i Meland aukar, og er no på 11.5%. Andelen er 2.9 % høgare enn Kostragrupper og 3.4 % høgare enn landet (utan Oslo). Ein av fleire drivarar bak eit slik auke er dei økonomiske. For å snu denne utviklinga er skulane avhengig av dei ikkje tapar økonomisk dersom dei klarar å redusere andel elevar med spesialundervisning. Tilpassa opplæring er ein del av den ordinære undervisninga. Modellen er tenkt å sikre skulane den basis dei treng for å gje tilpassa opplæring.

Framlegget til ressursauke i økonomiplanen gjeld samla for alle skulane og det må gjerast ei vurdering av fordeling kvart budsjettår. Det vil over tid arbeidast for ein omfordeling av ressursar mellom skulane. Samla sett manglar skulane fire lærarstillingar for implementering av ønska ressursnivå. Tiltaket er teke med frå 2017 med auke med to stillingar frå hausten og nye to i 2018. I 2016 er det ikkje prioritert midlar til iverksetting av modellen ut over intern omfordeling av eksisterande ressursar.

### 6.3.4 Grasdal skule

Elevtalet ved skulen er raskt aukande. Frå august 2016 har vi ca 130 elevar. Slik utviklinga har vore dei siste åra, er det sannsynleg at vi kan forvente ei deling i målform på kvart steg i bokmålgruppe og ei nynorskgruppe. Vi har difor budsjettert med ein ny klasse ved Grasdal skule kvart år i økonomiplanperioden.

Vi får store utfordringar med å organisere undervisning i dei klasseromma vi har i skuleåret 2015/16. Det at skulen også blir ein byggeplass vil by på ekstra utfordringar. Personalet, elevar og foreldre ser fram til nybygg og ombygging for å skape eit enno betre læringsmiljø frå 2016 og framover. SFO ved Grasdal skule merkar auken i elevtal med store grupper av 1.klassingar kvart år. SFO har store utfordringar med å ha forsvarleg tilbod til elevar med særskilde behov.

### **6.3.5 Meland Ungdomsskule**

Meland ungdomsskule har dei komande åra elevtal på litt over 60 elevar pr skuleår. Skuleåret 2015/2016 reknar med totalt 150 elevar ved skulen, aukande til totalt 195 i 2019/2020. Når det likevel er rekna med berre to klassar per trinn fram til 2018, byggjer det på forventning om at foreldre søkjer mot privatskular. Utfordringa er for det første at vi ikkje veit kva elevtalet vert før nokre månader før skulestart, og for det andre at kommunen baserer planlegginga si på at innbyggjarane skal velje private alternativ. Skulen nyttar per i dag lokalitetar for kroppsøvfingsfaget og valfag på Frekhaug folkehøgskule og i Meland aktiv. Denne ordninga gjer at vi må nytte undervisningstid til å gå til og frå lokalitetane utanfor skulen sitt område. Dette har også FAU tatt opp som ein lite tilfredstillande ordning, og presisert behovet for kroppsøvfingslokalitetar.

### **6.3.6 Sagstad skule**

Sagstad skule er ein barneskule med eit forventa elevtal på 388 elevar hausten 2015. Elevtalet er aukande gjennom økonomiplanperioden og prognosane tilseier at elevtalet aukar til 439 elevar skuleåret 2019/2020.

Hausten 2015 får skulen for første gong 4 klassar i 1. klasse. Hausten 2016 og 2017 er talet på born noko lågare og prognosane tilseier 3 klassar i 1. klasse kvart år før ein igjen får 4 klassar hausten 2018 og 2019. Dette er usikre tal sidan språkdeling og vil spele ei rolle når det gjeld talet på klassar. Auka elevtal gjev skulen ei utfordring i samband med auka kostnader til lærebøker og undervisningsmateriell. Det er og behov i økonomiplanperioden for investeringar i pultar og stolar.

### **6.3.7 Rossland skule**

Rossland skule er ein 1-10 skule med om lag 240 elevar kvart år. Elevtalet ser ut til å vera stabilt i økonomiplanperioden. Det er ein klasse på kvart trinn på barnetrinnet og to parallelar på ungdomstrinnet. Det er ikkje språkdeling på barnetrinnet.

### **6.3.8 Vestbygd skule**

Vestbygd skule er ein barneskule med 198 elevar hausten 2015. Det er då to klassar på kvart trinn og språkdeling på alle trinn. Elevtalet ser ut til å vera stabilt i underkant av 200 i økonomiplanperioden. Det vil i perioden vere behov for betydeleg tilrettelegging for elevar med spesielle behov både i skule og SFO, noko ein satsar å få til gjennom etablering av ny ressursfordelingsmodell.

## **6.4 Kommentrarar til tiltak og prioriteringar innan Helse**

Kommuneplanen for 2014 – 2015 (samfunnsdelen) vart vedteke av kommunestyret i mai 2014. Denne inneheld klare føringar for styrking av førebyggjande helsearbeid, og då spesielt innan helsestasjonstenesta og fysioterapitenesta. Rådmann ønskjer å følgje opp desse føringane og legg inn midlar til styring av desse tenestene i økonomiplanen.

Andre kommunale plandokument, utgreingar og avtalar som gjev innspel og føringar til kva som skal leggjast til grunn i kommunen i si prioritering av knappe økonomiske ressursar:

- Kunnskapsdokument folkehelse nemner spesifikke utfordringar på dette område, spesielt områda førebyggjande helsearbeid (friskliv), helsetenester for barn og unge og fysioterapi.
- Temaplan idrett, kultur og folkehelse, vedteke av kommunestyret i januar 2014 har lagt føringar for tilrettelegging av fysisk aktivitet.
- Tenesteavtaler inngått med sjukehusa, vedteke av kommunestyret i 2012. Desse er juridisk bindande for kommunen. I ny revidert tenesteavtale for svangerskap- barsebomsorga vert det kommunale ansvaret for oppfølging av mor og barn i samband med fødsel gjort meir tydelig.
- I 2014 var det frå Helse Bergen og kommunane starta eit arbeid med å følgje opp tenesteavtale nr 10 (om førebygging). Dette pliktar oss til innsats bl.a. innan barn og unge, både dei med identifiserte behov, samt til å arbeide med tidlig identifisering av barn med spesifikke vanskar, samt oppfølging av denne gruppa.
- Samarbeidsavtalar, føringar i kommuneproposisjonen og andre statlige rundskriv beskriv føringar og spesifikke satsingsområder for kommunal helseteneste, og kommunen bør ha rom i budsjettet for å kunne følgje opp slike prioriterte område.
- Kommunen har fremja omgrepet helse i alt vi gjer.

Elles gjeld generelt for helsetenesta at folkeveksten krev tilsvarande opptrapping av fastlegetenesta. Det er og ei utfordring for tenesta at det manglar lokaliteter for nokre av aktivitetane som helsetenesta driv.

Kommunen opplever sterk vekst i dei yngste årsklassane, og det er naudsynt med bemanningsauke på dette området. Det er sett i gang eit regionalt samarbeid for frisklivstiltak og lærings- og mestringstilbod for kronisk sjuke. Meland kommune bør setje av midlar til kommunal eigenandel i desse samarbeidstiltaka.

Våren 2015 har Regjeringa lansert 2 stortingsmeldingar om kommunalt arbeid innan helsesektoren, ein om folkehelse og ein om primærhelsetenestene.

Stortingsmelding 19 (2014-2015) «Mestring og muligheter» bygger på folkehelsemeldinga frå 2013. Regjeringa vidarefører i all hovudsak retninga i folkehelsearbeidet som var gitt av førre regjering. Nokre tema skal imidlertid gjerast meir tydeleg. Det skal leggas opp til tettare kopling mellom frivilligheten og kommunen sitt arbeid innan psykisk helse, folkehelse, trivsel, livsstil, tilhørighet og lokalsamfunnsutvikling. Vidare skal folkehelsearbeidet vere kunnskapsbasert, og byggje på m.a. lokale oversikter over helsefremmande og helseskadelege tilhøve i kommunen (jfr. Kunnskapsdokument folkehelse, vedteke av kommunestyret i 2014). Det skal og leggast opp til ein meir moderne eldrepolitikk med vekt på aktivitet og deltaking. Stortingsmelding 19 inneheld likevel få konkrete tiltak som kommunen kan spesifisere som tiltak i økonomiplanarbeidet, men det er forventa fleire konkrete tiltak gjennom dei neste statsbudsjetta. Kommunen må regne med at nye tiltak vert finansiert, men det vil truleg vere naudsynt også med prioriteringar innanfor dei rammeløvingane som kommunen får.

Stortingsmelding 26 (2014-2015) om primærhelsetenesta kom i mai 2015. Denne legg opp til styrking av helse tenester for barn og unge. M.a. varslast ny forskrift om drift av helsestasjon. Det vert lagt opp til styrking av feltet rus/psykiatri med m.a. overføring av driftsansvar for dei distriktpsikiatriske

sentra til kommunane. Innan rehabiliteringsfeltet må kommunane styrke både stillingsressursar og kompetanse, og det er varsla ny finansieringsordning innan kommunale fysioterapitenester.

Frå 2017 er det varsla lovpålagt kommunalt døgntilbod innan psykisk helsevern. Og frå 2020 vert kommunepsykolog ei lovpålagt stilling. Regjeringa legg opp til at primærhelsetenestene skal vere samlokalisert på tvers av tradisjonelle faggrupper, og at kommunen skal organisere primærhelseteam med fleire faggrupper som har ansvar for pasientane. For meir komplekse problemstillingar skal det etablerast oppfølgingsteam. Konkret gjennomføring og finansiering av desse endringane veit ein pr i dag lite om. Men det er viktig at kommunen, når ein utviklar tenestetilbod, tar høgde for dei endringar som er venta.

Som det framgår over vil helsesektoren i Noreg venteleg gjennomgå store omstruktureringar dei næraste åra. Dette gjer det vanskeleg å vere spesifikk i personell- og ressursbehovet i økonomiplanperioden. Samstundes må ein i planen sikre finansiering av kjente framtidige behov, gitt dagens krav og finansieringsmodellar. Kommunen må likevel førebu seg på nye krav, og legge inn ein viss vekst innan område som ein reknar vi vil få krav om å styrke. Sjølv om kommunen må forutsette at nye krav vert statleg finansierte, veit ein at det innan fleire område ligg krav om kommunal delfinansiering.

Kommunen må og sikre seg fagleg og administrativ kompetanse, samt lokalitetar, for å kunne stette nye krav til kommunen. For ikkje å låse seg til spesifikke tilbod, stillingar eller yrkesgrupper har Helseavdelinga vald å legge fram «pakkeløysingar» i sitt framlegg til tiltak. Til dømes leggje vi inn satsing på barn og unge i økonomiplanperioden, utan at ein no vil låse seg til konkrete stillingsprosentar for t.d. helsesøster, kommunepsykolog, lege, forvaltningsbehov eller annan konkret ressursbruk. Konkret bruk av dei kommunale tiltaksmidlane vil bli vurdert opp mot dei sentrale krav som kjem til t.d. stillingsressurs og kompetanse.

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå Helsetenesta						
nr.	Framlegg til tiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	Barn og unge	375	1 200	1 300	2 000	Styrking av helsetjenester for barn og unge; herunder helsesøstertjenester, skolelege og kommunepsykolog
2	Folkehelse og friskliv	50	400	400	400	Etablering av frisklivssentral og konkrete helsetilbud for aktuell målgruppe
3	Psykisk helse og rusvern	300	600	900	1 200	Opptrapping av årsverk til booppfølging, statlig satsing, har forutsatt 70% statlig finansiering og 30% kommunal.
4	Eldre helse	250	500	500	500	Legetjenester og fysioterapi ved Meland sjukeheim, statlige føringer.
5	Kliniske tjenester	550	950	950	1 400	Fastlegetjenester og fysioterapitilbud i samsvar med folkevekst. Ta igjen etterslep innen fysioterapitilbudet, jfr vedtak i kommuneplanen.
<b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>		<b>1 525</b>	<b>3 650</b>	<b>4 050</b>	<b>5 500</b>	
nr.	Prioriterte tiltak:	2016	2017	2018	2019	
1	Barn og unge		375	1 200	1 300	Styrking av helsetjenester for barn og unge; herunder helsesøstertjenester, skolelege og kommunepsykolog
2	Psykisk helse og rusvern		300	600	900	Opptrapping av årsverk til booppfølging, statlig satsing, har forutsatt 70% statlig finansiering og 30% kommunal.
<b>Sum prioriterte tiltak</b>		<b>0</b>	<b>675</b>	<b>1 800</b>	<b>2 200</b>	

## 6.5 Kommentarer til tiltak og prioriteringar innan NAV

Arbeidsløysa i Meland kommune er per mars 2015 nær 4% og ligg høgast i fylket. I tillegg ligg Meland kommune høgt når det gjeld brukarar som er under arbeidsavklaring. Arbeidsavklaring er ei statleg yting som sikrar folk inntekt i periodar der folk på grunn av sjukdom eller skade har trong for hjelp frå NAV for å kome i arbeid.

Meland kommune har mange unge som er ledige og mange unge som er under arbeidsavklaring. Meland kommune har ein ung befolkning og tala frå NAV-statistikken speglar dette. Enkelt sagt er det slik at for kvar dag ein person er registret i NAV-systemet aukar sjansen for at personen vert verande i NAV. Tida arbeider mot oss. Arbeid med ungdom uavhengig av yting er difor eit prioritert område i NAV generelt og særskilt i Meland kommune. Kommunestyret har og vedtatt aktivitetsplikt for ungdom på sosialhjelp. Aktivitetsplikta vert praktisert. Møter ein ikkje slik det ligg vilkår om, fell heile eller deler av sosialhjelpa bort.

Ein del av ungdommane våre er vanskelegare å finna høvelege aktivitetar for enn andre. Skal vi sikre ein god aktivitet som kan gje resultat, må ein del av ungdommane fylgjast meir opp i arbeidsretta aktivitet enn det ein kan vente at dei aktuelle arbeidsgjevarane eller avdelingane i kommunen kan gi. NAV Meland vil difor leggje opp eit stramt «regime» rundt ungdom slik at dei ikkje vert gåande som passive mottakarar av ytingar, og i staden vert motivert for arbeid eller skule. NAV Meland har etablert «ungjobb» som er ein møteplass for ledig ungdom.

Frå hausten 2015 ynskjer NAV Meland i tillegg å knytte seg opp mot ei ungdomssatsing på Lindås der ungdommane må møte kvar dag. NAV Meland må stille med folk til satsinga ved Lindås. Det er i økonomiplan for 2016-2019 lagt inn ynskje om ei halv stilling for særskilt å kunne fylgje opp dei som ikkje kan nyttiggjera seg ordinære tiltak og utplassering. Det har tidlegare lagt ynskje om ei heil stilling til dette i økonomiplanen. Grunnen til at dette er nedjustert, er fordi andre statlege tiltak no er betre innretta for å styrkje overgang til og utprøving i ordinær verksemd.

Folketalet aukar i Meland og naturleg nok og brukarar som treng sosialhjelp. Ser vi på siste førebels statistikk frå fylkesmannen (2013-2014) aukar ikkje talet på sosialhjelpsmottakarar like høgt som veksten i folketalet. Det er difor berre lagt inn ei forsiktig auke i sosialhjelp i økonomiplan for 2016-2019.

For økonomiplanperioden 2016-2019 er det lagt inn framlegg til tiltak slik:

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå NAV						
nr.	Framlegg til tiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	NAV - auke i sosialhjelp	150	200	250	300	Folketalsauken vil slå inn med auke i sosialhjelp.
2	Arbeid for sosialhjelp og lågterskeltilbod til sosialhjelpsmottakarar	350	350	350	350	Planlegg tiltak i samarbeid med Lindås, krev ei stilling. Bør gje innsparing på sosialhjelpsutlegga.
	<b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>	<b>500</b>	<b>550</b>	<b>600</b>	<b>650</b>	
	Ingen prioriterte tiltak frå NAV					



## 6.6 Kommentarer til tiltak og prioriteringar innan Barnevern

I løpet av dei siste åra er det gitt øymerka statleg tilskot til 2 heile stillingar barnevernstenesta. Tilskotet vert vedteke årleg i samband med budsjetthandsaminga i Stortinget. Etter ei tid vil midlane gå inn i rammeoverføringa til kommunen. For å ta høgde for bortfall av øymerka tilskot må det budsjetterast med kr 650.000,- frå 2017 og kr 1.300.000,- frå 2019.

Utgiftene i barnevernet har vore moderate over fleire år, men vi ser no ei auke i barn som treng hjelp. Dei barna som vi må ta omsorg for har oftast omfattande skader noko som igjen fører til kostbare plasseringar. I tillegg stig den kommunale eigendel ved plassering for kvart år – frå 20 % i 2013 til om lag 45 % i 2015 – og den skal opp på om lag 75 %.

Desse faktorane gjer det særst utfordrande å budsjettera. Ei plassering kan føre til ei utgift på mellom 500' til 1.500' på årsbasis. Det er likevel ikkje lagt inn framlegg til auke i ramma utover bortfall av statleg tilskot til stillingar.

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå Barnevernstenesta						
nr.	Framlegg til tiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	Barnevern - bortfall av øymerka tilskot til 2 stillingar		650	650	1 300	Brutto kostn. pr stilling kr 650', som vil mangle finansiering når tiltaket vert lagt inn i kommunane sine rammeoverføringar.
	<b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>	<b>0</b>	<b>650</b>	<b>650</b>	<b>1 300</b>	
	Ingen prioriterte tiltak frå Barnevernstenesta					

## 6.7 Tiltak og prioritering innan pleie- og omsorg

### 6.7.1 Meland Sjukeheim

Sjukeheimen har per 2015 bemanningskapasitet til å drifte 8 korttids- og rehabiliteringsplassar. Vidare har ein kapasitet til drift av 12 plassar for demente ved Lerketunet og 18 plassar ved langtidsavdelinga. Samla gjev dette drift av 38 pasientsenger. Per 2015 har ein difor ledig 2 rom ved korttids- og rehabiliteringsavdeling. Ein held av 1 rom som pårønderom i samband med palliasjon. Vidare har ein kapasitet ved langtidsavdelinga med 3 ordinære pasientrom pluss 1 mindre rom. Kapasitet ved Lerketunet er 100% i bruk.

Samhandlingsreform og utskrivningstakt frå sjukehus med komplisert og samansett sjukdomsbilde hjå pasientar set auka krav til sjukepleiekompetanse innan natt-tenesta. Krav til medisinsk-teknisk kompetanse er og aukande i døgntkontinuerleg tenesteyting. Natt-tenesta handterer som kjent alle pasientar ved både institusjon og heimeteneste i tidsrom kl 2145-0715. Det er trong for auka ramme med kr 1,2 mill for å sikre forsvarleg tilsyn og tenesteyting på natt jamfør målgruppe frå 2016. Auka kapasitet ved Natt-tenesta er i seg sjølv eit førebyggjande tiltak med omsyn til å ta ned press på institusjonsplassar.

Meland sjukeheim aukar ikkje kapasitet ved institusjonsplassar i 2016. Det er lagt opp til auke drift av pasientrom frå 2017 – 2 langtidsplassar. Deretter legg ein opp til auka med 2 palliasjonsplassar frå 2018. Dette gjev at heimetenesta må ivareta målgruppa som ikkje får tilgang til institusjonsplassar. Dette må kombinerast med kapasitet ved korttids- og rehabiliteringsavdelinga.

Dagaktivitetstilbod er relatert til førebyggjande satsing på aktiv omsorg. Tilbod til heimebuande personar med demenssjukdom skal m.a. stimulere til eigenmestring tilpassa den einskilde sitt funksjonsnivå slik at ein kan bu heime så lenge som rå kombinert med naudsynt avlastning for pårørande. Det er trong for å starte opp med tilbod 2-3 dagar i veka med 5 plassar. Må vurdere tal dagar/plassar med omsyn til kjøp av tenester som t.d. På gard/inn på tunet. Per tid har kommunen utfordring med eige lokale til målgruppa. Ein kan parallelt søkje tilskot til dekking av utgifter med om lag 30% per plass.

Det er trong for å auke kapasitet fysioterapi ved institusjon. Opning av tilbygg Meland sjukeheim og auka tal pasientar har til no ikkje vore supplert med auka kapasitet for fysioterapitenester. Det er ei målsetting å satse meir aktivt på korttids- og rehabiliteringsplassar og dette set krav til kapasitet innan fysioterapi.

Meland sjukeheim vil prioritere øvst styrka natt-teneste, jamfør kommentar til ulike satsingar over. Tiltaket er prioritert frå hausten 2016, sjå tabell neste side.

### **6.7.2 Heimetenesta**

Viser til Årsmelding 2014 gjeldande Meland heimeteneste samt førebels tal frå KOSTRA 2014. Tenesteyting/økonomi i komande økonomiplanperiode 2016-2019 er framleis sårbar for individuelle endringar i tenestebehov. Dette gjeld både kjende brukarar og nye behov jamfør folkevekst. Det er eit sentralt moment at fordeling av økonomisk ramme til tenesteytinga siste åra er om lag 60 % til barn/unge/unge vaksne og 40% til personar over 67 år.

Meland kommune har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing/prosjekt innan kvardagsrehabilitering. Prosjektperioden er pt satt til ut 2016. Arbeidsform vektlegg førebyggjande verksemd. Arbeidsform er krevjande ved oppstart og etablering, men har dokumenterte gevinstar. Dette er mellom annan meir sjølvstende og betre helse hjå pasientane/heimebuande – og gjev mellom anna reduksjon i tal vedtakstimar hjå einskilde i målgruppa. Ein legg opp til ein integrert modell der ein skal samordne arbeid mellom ulike profesjonar som t.d. sjukepleie, fysioterapi og ergoterapi. Fokus på eigenmestring krev meir tidsressurs og krev difor auka økonomisk ramme.

Både heimeteneste og institusjon har trong for å effektivisere turnusplanlegging og vikarinnleige. Dette er eit viktig område som har stor økonomisk betydning for drifta og er tidkrevjande. Det er trong for å samordne dette arbeidet og styrkje kompetansen på færre personar. Ein vil nytte interne fagpersonar som får spesialisering på område – og som skal dekke både heimeteneste og institusjonsdrifta. Dette gjev at ein må kompensere for bortfall av helsefagressurs innan heimetenesta.

Kartlegging syner lovkrav om å vurdere oppjustering av vedtaksnivå når det gjeld avlastning barn/unge. Heimetenesta vurderer pt at det er trong for ei auke på 1.2 million. Denne summen tek ikkje med nye behov jamfør folkevekst. Avlastningstiltak for barn/unge er i seg sjølv eit førebyggjande tiltak med omsyn til å redusere seinare vanskar for dei det gjeld kombinert med å ivareta pårørande. Meland heimetenesta har auka krav til sakshandsaming og forvaltningsvedtak jamfør prinsipp om beste effektive omsorgsnivå. Forsvarleg kapasitet forvaltning er viktig med omsyn til den samla tiltakskjeda med omsyn til å fatte enkeltvedtak på rett teneste, med rett nivå til rett tid. I tillegg set auka klagehandsaming og krav til forvaltningskompetanse.

Både Meland sjukeheim og Meland heimetenesta bør satse meir aktivt på lærling som del av rekrutteringsstrategi innan helsefag. Det er lagt inn framlegg om å auka ramme for å kunne gje eit betre tilbod om lærlingeplassar. I ramme for 2015 er det satt av 365.000 til føremålet, og sum bør aukast med omsyn til noverande og framtidige behov personell.

Meland heimeteneste vil prioritere høgast styrka kvardagsrehabilitering jamfør ulike satsingar over, men rådmann finn ikkje midlar til dette før i 2018, sjå tabellen nedanfor.

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå Pleie- og omsorg						
nr.	Framlegg til tiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	2 nye pasientrom palliasjon / lindrande behandling			2 000	2 000	Er ressurskrevjande tenesteyting med heildøgnsdrift av 2 nye pasientrom v/Solkroken. Sjukepleieressurs døgnbemanna pt stipulert til 3 årsverk. Årsverk føreset oppjustering av 1,8 årsverk Natt-tenesta - sjå eige tiltak under. Kan vurdere kombinasjonsbruk av lokale til avlastning og/eller kapasitetsauke rehabilitering.
2	Fysioterapi - auke i timetal på sjukeheimen tilsarande 0,5 årsverk	300	300	300	300	Pasienttal har auka siste år utan at ein har auka kapasitet fysioterapi tilsvarande. Satsing på kortid/rehabilitering krev auka stillingsressurs pt stipulert med 0,5 frå dagens 0,3 til 0,8 relatert til institusjon.
3	Dagaktivitet for heimebuande med demenssjukdom	250	250	250	250	Dagaktivitetstilbod er relatert til Rundskriv 1-5/2007 Aktiv omsorg. Tilbod til heimebuande personar med demenssjukdom skal m.a. stimulere til eigenmestring tilpassa den einkilde sitt funksjonsnivå slik at ein kan bu heime så lenge som mogeleg kombinert med naudsynt avlastning for pårørande. Framlegget gjeld i første omgang tilbod 2-3 dagar i veka i oppstartsfase med 5 plassar. Må vurdere tal dagar/personar ved neste revisjon av øk.planen. Ein kan her vurdere kjøp av tenester som t.d. På gård/Inn på tunet. Pt. har kommunen utfordring med eigne lokale. Kan og søkje tilskot til diverse utgifter med omlag 30% per plass.
4	2 nye pasientrom langtid - auke frå noverande (2015) 18 til 20.		1 400	1 400	1 400	Auke kapasitet med 2 pasientrom på sjukeheimen vert teke i bruk frå 2017. Stipulert stillingsressurs/årsverk pt ved døgnkontinuerlig bemanning. Tiltaket føreset auka kapasitet ved Natt-tenesta jamfør eige tiltak under.
5	Kvardagsrehabilitering - Førebyggjande satsing med integrert modell - 2 årsverk	1 200	1 200	1 200	1 200	Meland har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing/prosjekt innan kvardagsrehabilitering. Arbeidsform er krevjande ved oppstart og etablering, men har dokumenterte gevinstar (meir sjølvstende hjå pasiantane, betra helse og reduserte vedtakstimar hjå målgruppa) på sikt. Pt er det stipulert naudsynt kapasitetsauke med 1 årsverk sjukepleieressurs og 1 årsverk helsefagarbeidar. I tillegg er det trong for å sikre deltaking via ergoterapi og fysioterapi.
6	Samordning av turnusplanlegging og vikarinnhenting - 1 årsverk.	550	550	550	550	Spesialiserer kompetanse innan turnus/vikarinnhenting og omgjerung av ansvarsområder internt. Samordninga skal bistå både heimeteneste og institusjon. Er pt vurdert å kreve kompensasjon i tenesteyting v/heimetenesta med samla 1 årsverk helsefagarbeidar.
7	Sakshandsaming og forvaltning innan heimetenesta - 1 årsverk.	625	625	625	625	Trong for auka kapasitet forvaltning av lovkrav og vedtaksvurdering. 100 % sjukepleiarressurs/3 årig høgskule
8	Natt-tenesta - auka kapasitet med 1,8 årsverk	1 200	1 200	1 200	1 200	Samhandlingsreform og utskrivningstakt frå sjukehus med komplisert og samansett sjukdomsbilde hjå pasientar set auka krav til sjukepleiarkompetanse innan natt-tenesta. Krav til medisinsk-teknisk kompetanse er aukande i døgn kontinuerleg tenesteyting. Natt-tenesta
9	Læringsatsing innan helsefag - samla sum for både institusjon og heimeteneste	250	250	250	250	Felles satsing innan omsorg - 2 nye med oppstart per år. Eit lærlingeløp er 2 år. Institusjon startar opp med 1 haust 2015. Kostnad av årslønn med om lag kr. 410.000 er 30% 1 halvår, 40% 2 halvår, 50% 3 halvår og 80% 4 halvår.
10	Avlastning barn/ungdom både i avlastningsbustad og i heim	1 200	1 200	1 200	1 200	Auka helgeavlastning + vekesavlastning for kjente brukarar med vedtak. Det er og andre brukarar med vedtak der ein ventar søknad om utvida vedtakstimar. Ikkje lagt inn auke hjelpebehov jfr folkevekt.
11	Læringsatsing	1 000	1 000	1 000	1 000	Kommunen bør ha fleire lærlingar, særleg innan PLOMS.
	<b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>	<b>6 575</b>	<b>7 975</b>	<b>9 975</b>	<b>9 975</b>	
nr.	Prioriterte tiltak:	2016	2017	2018	2019	
1	Kvardagsrehabilitering - Førebyggjande satsing			1 200	1 200	Meland har frå vår 2015 tatt del i nasjonal satsing innan kvardagsrehabilitering. Tiltaket krev auke i ressursar, som sjukepleiestilling, helsefagarbeidar, ergoterapi og fysioterapi. Klarer ikkje prioritere tiltaket før i 2018.
2	Natt-tenesta - auka kapasitet med 1,8 årsverk	600	1 200	1 200	1 200	Samhandlingsreform og utskrivningstakt frå sjukehus set auka krav til sjukepleiarkompetanse innan natt-tenesta. Natt-tenesta handterer både institusjon og heimebuande pasientar. Høgaste prioritet frå tenesteområdet, men berre midlar til implementering frå hausten 2016.
	<b>Sum prioriterte tiltak</b>	<b>600</b>	<b>1 200</b>	<b>2 400</b>	<b>2 400</b>	

## 6.8 Tiltak og prioritering innan kultur

Rådmannen har ikkje funne å kunne prioritere nye eller utvide eksisterande tiltak på kulturområdet i økonomiplanen. Det er likevel trong for auka satsing på ei rad område.

- **Lag og organisasjonar.**

Det frivillige lag- og organisasjonslivet i Meland kommune er svært viktig for eit godt og aktivt liv i Meland. Svært mange av tilboda vi gjev til innbyggjarane er baserte på at laga er med og gjer ein innsats. Laga har betrakteleg større utgifter enn det dei får i støtte gjennom tildelingane av kulturmidlar og det er avgjerande for framtidig drift at støtta vert auka. (Søknadssum 2015 utanom idrett var 1 581 800, tildelinga var på kr. 633 800. Idrettslaga søker både om tilskott til arbeidet og drifta, her er det store utfordringar.)

- **Frivilligsentralen.**

I 2015 vert det forsøkt sett i verk sommartiltak for barn i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. For å stette nokre av driftsutgiftene dei involverte vil ha bør det setjast av midlar.

- **Kulturskulen.**

Frå 2006 til 2015 har det vore ein nedgang i talet på elevar frå 317 til 214 grunna auke i lønsutgifter. Ventelistene aukar og vi kan ikkje gje tilbod til alle barn som ønskjer å gå på kulturskulen. For skuleåret 2015/16 er det kome inn 161 nye søknader. Det er stor trong for auka ressurser til kulturskulen.

- **Biblioteket.**

Biblioteket har for lite personale, sjølv om det i 2016 vil opna for meir sjølvbetening og meir -ope bibliotek. Det bør vere ein stilling pr. 1500 innbyggjar, Meland har 2,4 årsverk, burde hatt 5 per i dag.

- **Ungdomsarbeid.**

Sidan Fritidsklubben vart lagt ned har det ikkje vore noko kommunalt fritidstilbod for eigenorganisert ungdom. Skal gode og trygge oppvekstvilkår for barn og unge vere eit satsingsområde for Meland kommune, må eit slikt tilbod komme på plass. Ungdomsrådet etterlyser ein livs- og organisasjonsnøytral plass å vere.

- **Investeringar.**

Lyd, lys og scene – Meland kommune brukar ca kr. 60.000.- kvart år til leige av lyd, lys og scene knytt til 17. mai, minifestival og nokre få andre arrangement. Dersom Meland kommune hadde sitt eige utstyr ville dette kunne brukast mange fleire tiltak og vi ville ikkje i same grad vere avhengige av eksterne leverandører. Investeringsbehovet er på kr.200.000.-

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå Kulturtenesta						
nr.	Framlegg til tiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	Auke i tilskot til lag og organisasjonar	200	200	200	200	I 2015 auka tilskottet til idrett og friluftsliv, det er no viktig at andre lag og organisasjonar vert støtta med meir midlar.
2	Auke i kulturskuletilbodet	250	650	650	650	Tilbodet er redusert med ca 100 plassar sidan 2006 som følgje av løpande reduserte rammer. Kostnaden er ca kr.5.000 per elevplass per år. Ved ei gradvis auke vil vi kome tilbake til 2006-nivå, men framleis ikkje ta høgde for folketalsauken. Vi bør ha som eit mål å kunne tilby kulturskuleplass til ca 30% av barna i Meland kommune.
3	Nytt årsverk biblioteket		650	650	650	Nøkkeltal seier at det skal vere ein bibliotekar per 1500 innb, dvs 5 årsverk. I dag har vi 2,4 dvs halvparten av stillingar vi bør ha.
4	Ungdomskoordinator		650	650	650	Det er lite tilbod for barn og unge som driv eigenorganisert verksemd, det er naudsynt med satsing innfor dette området.
<b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>		<b>450</b>	<b>2 150</b>	<b>2 150</b>	<b>2 150</b>	
Ingen prioriterte tiltak frå kulturtenesta						

## 6.9 Plan, utvikling og kommunalteknikk

### 6.9.1 Organisering

Tenesteområdet er oppdelt i følgende ansvarsområde:

- 600 Administrasjon, eideomsforvaltning og utbygging
- 601 Plan, geodata og oppmåling, delvis finansiert med gebyrinntekter
- 602 Byggesak. Sjølvkostbasert og finansiert med gebyrinntekter.
- 603 Landbruk, natur og miljø
- 610 Drift og vedlikehald kommunale bygg
- 612 Drift og vedlikehald vegar, kaiar og plassar
- 613 Reinhold
- 614 Avlaupsreinsing. Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 615 Vassforsyning. Netto ramme 0, sjølvkostbasert og finansiert med avgifter.
- 616 Slamtømming og feiing.

Både slamtømming og feiing er interkommunale tenester, der alle driftskostnader ligg i samarbeidstiltaket. Meland kommune står for innkrevjing av avgifter. Netto ramme er 0, då desse områda og er sjølvkostbaserte.

### 6.9.2 utfordringar ved Plan, utbygging og kommunalteknikk

#### 1. Utbygging og forvaltning av kommunen sine eigedomar, vegar, vatn- og avlaupsanlegg

Kommunen eig mange bygningar, store tekniske anlegg og mykje areal, til bruk for innbyggjarane. Fleire bygg og anlegg veks vi ut av; folkeveksten gjer det til tider trangt om plassen. Trygg og stabil vassforsyning, klasserom fri for muggsopp, avlaupsanlegg som ikkje ureiner og vegar som er framkommelege sommar som vinter, er basis for at det i det heile kan bu folk i kommunen. Det gjeld for gamal og ung, for sjuke og friske, for næringsdrivande og privatpersonar. Det er eit fundament som verken er brukarstyrt eller behovsprøvd.

Dei siste tiåra har kommunen fått fleire vegar å drifte, fleire bygg å vedlikehalde, fleire vatn- og avlaupsanlegg å drifte, meir kompliserte driftsovervåkingssystem, strengare krav til dokumentasjon og rapportering, høgare krav til brøyting og anna vintervedlikehald, og generelt fleire innbyggjarar med høge forventningar til kvaliteten på kommunale bygg, vegar og anlegg. Tal tilsette innan drift og vedlikehald har stått i ro. Kompetansekravet er høgt, noko som er utfordrande i høve til rekruttering.

I budsjettframlegget er det signalisert eit behov for å auke driftsbudsjettet på grunn av auke i faste kostnader til bygningar og vegar. Det er også signalisert eit behov for å auke vedlikehaldsbudsjettet, då det går eit skilje mellom vedlikehaldsoppgåver som kan finansierast over investeringsbudsjettet og dei som kan finansierast over driftsbudsjettet. Kommunen har ei stor og viktig oppgåve i verdiforvaltning slik at den felles bygnings- og anleggskapitalen vert teken vare på for innbyggjarane.

#### 6.9.2.1 Planlegging, byggesaksbehandling, kart og oppmåling, landbruk og miljø

Gode utbyggingsplanar, god byggesaksbehandling og korrekt matrikkelføring er fundamentalt for at folk vil bu i kommunen, og for kommunen sine skatteinntekter. Innbyggjarane kan t.d. ikkje velje berre «litt» byggesaksbehandling. Den private eideomsretten blir i høgste grad påverka av korleis



kommunen handterer desse tenestene, som er sær detaljert lov- og forskriftsregulert. Det krev høg kompetanse og god nok kapasitet.

Om få år vil det bli nødvendig å auke kapasiteten innan kommunal planlegging, både på grunn av sterkare detaljfokus frå regionale og statlege styresmakter og fordi kommunen er sentral i samarbeidet om utfordringane i Bergensregionen. Det er m.a. innført krav om kontinuerleg oppdatering av offentleg planinnsyn. Arealdelen til kommuneplanen legg til rette for storstilt nærings- og bustadutbygging. Det vil bli nødvendig å bruke ressursar på større kommunale planer, t.d. Midtmarka (som er i gang), Langeland og Ryland/Vikebø. Det vil truleg også bli nødvendig å bruke ressursar på planlegging av vegprosjekt som skal gjennomførast i regi av Nordhordlandspakken.

Eit godt plansystem og effektiv plansaksbehandling krev elles noko budsjettmidlar til konsulenthjelp, då kommunen enno ikkje har full kapasitet til å drive all planlegging i eigen regi.

### 6.9.2.2 Ureining og tilsyn

Kommunen har eit stort ansvar for å følgje opp ureiningssaker og forsøpling, og føre tilsyn med ulike private bygg og anlegg. Sakene er tidkrevjande og det er nødvendig å bruke relativt store ressursar for at eventuelle miljøsyndarar skal bli pålagt å rydde opp etter seg, eller for at ulovlege tiltak blir fjerna. Dersom kommunen sjølv må rydde opp til slutt, kan kostnadene bli store. Administrasjonen er noko uroleg for at desse sakene ikkje får nok prioritet og kva for inntrykk som då blir skapt.

### 6.9.3 Innspel til økonomiplan 2016 – 2019

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå Plan, utvikling og kommunalteknikk						
nr.	Navn	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	Drift av kommunale bygningar	400	800	900	1 000	Etter kvart som bygningsmassen aukar, aukar dei faste kostnadene til driftsstyring, låssystem, forsikringar, straum, reinhald, renovasjon, kommunale avgifter osv.
2	Drift av kommunale vegar	50	100	150	200	Etter kvart som byggefelta blir ferdigstilte må kommunen ta over dei kommunale vegane for drift og vedlikehald. Nye veglys som følgje av trafikksikringstiltak. Auka faste kostnader til veglys, brøyting, strøing.
3	Vedlikehald kommunale bygg	200	400	600	600	Revisjonen er kritisk til å bruke investeringsbudsjettet for vedlikehald av kommunale bygningar, og vi må difor auke driftsutgiftene på dette feltet for å ha midlar til å bokføre meir av vedlikehaldet på driftsbudsjettet.
4	Vedlikehald kommunale vegar	200	400	600	800	Revisjonen er kritisk til å bruke investeringsbudsjettet for asfaltering av kommunale vegar, og vi må difor auke driftsutgiftene på dette feltet for å ha midlar til å bokføre meir av vedlikehaldet på driftsbudsjettet.
5	Konsulentkjøp kommunale planar	500	500	500	500	Det vil alltid vere trong for spisskompetanse på ulike delutgreingar, og for planleggingstenester når kommunen sin eigen kapasitet ikkje strekk til. Dei næraste åra er det områdeplanane for Midtmarka, Vikebø/Ryland, Frekhaug sentrum og tilrettelegging for næringsutvikling som er mest kritisk når det gjeld kapasitet og spisskompetanse.
6	Ny planleggjarstilling ved PUK			800	800	Plan- og bygningslova krev at kommunen har kapasitet til å stå for ein større del av arealplanlegginga, slik at utbyggjarar og andre kan konsentrere seg om detaljplanar for sine delfelt. Gjeld krav til kommunale områdeplanar og utgreingar, m.a. næringsplanlegging, og er ein føresetnad for vekst.
Sum framlegg til auke i årleg ramme		1 350	2 200	3 550	3 900	
nr.	Prioriterte tiltak:	2016	2017	2018	2019	
1	Drift av kommunale bygningar	400	500	900	1 000	Noko redusert framlegg frå tenesteområdet vert prioritert
Sum prioriterte tiltak		400	500	900	1 000	

Frå avdelinga si side er det særleg problematisk om planlegging ikkje får høgare prioritet. Det er kritisk om kommunen verken satsar på ny planleggjarstilling eller konsulentkjøp. Det vil få negativ innverknad på realisering av Nordhordlandspakken og for tilrettelegging av utbygging på Frekhaug, t.d. skuleutbygging, og på Vikebø. Vedlikehald av kommunale vegar og bygg må elles framleis heilt og fullt finansierast over investeringsbudsjettet.

## 6.10 Tiltak og prioriteringar innan stabar og administrative støttefunksjonar

Stabar og administrative støttefunksjonar består av administrasjonsstab/rådmannskontoret (inkludert personal, dokumentsenter og resepsjonen), rådgjevarstaben, økonomikontoret, i tillegg til at innkjøpte IKT-tenester og Brannvern vert administrert av desse stabseiningane. Revisjonstenesta og tilskotet til kyrkja ligg og her, i tillegg til alle politiskar-relaterte kostnader.

I økonomiplanperioden skal ny kommunestruktur utgreiast, og det vil påløpe kostnader til konsulentarbeid i den samanheng. Det er og vedteke å gå over til politiske møte på dagtid, og kostnader til dette vil påløpe.

Det er trong for auke i stillingsressursen på dokumentsenteret i økonomiplanperioden for å dekke opp for løpande auke i arbeidsmengde.

Særlig prekært er ressursmangelen på økonomikontoret til å ivareta sentrale oppgåver innan økonomistyring, innkjøp, løn og finansforvaltning. Utan auke i ressursane på økonomikontoret vil vi ikkje klare å krevje inn sjukepengerefusjonar, innkjøp av varer og tenester vert dyrare fordi vi ikkje kan drive forvaltning av innkjøpsavtaler, og vi får ikkje ressursar til å kunne drive forsvarleg økonomistyring og budsjettering. Økonomikompentansen i mange tenesteområde ikkje god nok, og økonomikontoret er ein viktig støttefunksjon for desse. Manglande ressursar på økonomikontoret har difor konsekvensar for heile den kommunale forvaltninga. Rådmann vil difor prioritere denne stillingsressursen frå 2016.

Økonomiplan 2016 - 2019: Framlegg til nye tiltak frå Administrasjon, HR og økonomikontoret.						
nr.	Framlegg til tiltak	2016	2017	2018	2019	Kommentarer
1	50 % Sekretærstilling dokumentseneter/resepsjon		250	250	250	Oppgåvemengda ved dokumentsenteret aukar i takt med den generelle veksten i kommunen, og det er svært viktig for heile forvaltninga vår at dei ikkje kjem på etterskot med oppgåvene. I tillegg har vi ein tryggleiksproblematikk i resepsjonen, der det helst bør vere 2 sekretærar til stades heile tida, noko som ikkje lar seg gjennomføre med dagens bemanning.
2	Ny økonomikonsulent	500	500	500	500	Stor arbeidsbyrde på økonomikontoret. For sårbart med berre ei stilling på løn. Innkjøpsarbeidet vert ikkje tilstrekkeleg ivareteke, finansoppfølginga er ikkje tilfredstillande og vi har for lite ressursar til å etablere og følge opp rutinar innan økonomisk internkontroll. I tillegg er vi ikkje i stand til å yte nasusynt service ovanfor andre tenesteområde, noko som svekker budsjettkontroll og oppfølging. IKT-oppfølginga og for dårleg.
3	Politiske møter på dagtid	200	200	200	200	Tapt arbeidsforteneste, møtemat m.m
4	Konsulenttenester kommunestruktur/frikjøp	500	500	500	500	Det vil bli behov for kjøp av prosessstøtte og frikjøp av tilsette/tillitsvalde og folkevalde.
	<b>Sum framlegg til auke i årleg ramme</b>	<b>1 200</b>	<b>1 450</b>	<b>1 450</b>	<b>1 450</b>	
nr.	Prioriterte tiltak:	2016	2017	2018	2019	
1	Auka stillingsressurs øk.kontoret	500	500	500	500	80 % stilling budsjettert, resten dekket av interne omprioritering av ressursar.
2	Politiske møter på dagtid	200	200	200	200	Tapt arbeidsforteneste, møtemat m.m
3	Konsulenttenester kommunestruktur/frikjøp	500	500	500	500	Det vil bli behov for kjøp av prosessstøtte og frikjøp av tilsette/tillitsvalde og folkevalde.
	<b>Sum prioriterte tiltak</b>	<b>1 200</b>	<b>1 200</b>	<b>1 200</b>	<b>1 200</b>	

## 7 Investeringar

### 7.1 Ordinære investeringar der renter og avdrag må dekkjast over drift

Framlegg til investeringar øk.plan 2016-2019			alle tal er ekskl. mva		
Ordinære driftmidlar:	2015	2016	2017	2018	2019
<b>IKT</b>					
IKT Nordhordland	450	450	450	450	
IKT Meland	550	550	550	550	
Digitale tavler og Klassesett bærbare PC-ar skulane	300	300	300	300	
Ny telefoniløysing		200			
<b>Teknisk sektor</b>					
Kommunale vegar	850	700	700	700	
Trafikk sikring	300	300	300	300	
Kommunale bygg	1 000	1 000	1 000	1 000	
Kommunale kaiar		500	500	500	
Kostemaskin		500			
Ny traktor	700				
Kantklyppar til traktor	400				
Gangbru Mjåtveitvegen	1 440				
Veglys Dalemarka	700				
Veglys Beitingen	1 100				
Ladestasjon el-bilar	250				
Lesseapparat til strøsand		400			
2 stk. saltspreiarar		150	150		
Gravemaskin (delsum)		100			
<b>Kyrkje</b>					
Kjøp av sentrumsareal	3 500				
Brannvarsling	300				
Restaurering av orgel		300			
Nytt varmelegg og kabelnett		300			
Utviding av kyrkjegard		500	500	500	18 500
<b>Skular</b>					
Uteområde skular	200	300	200	200	
Tilbygg Grasdal skule	7 200	10 800			
Tilbygg Sagsstad skule	9 000	17 000			
Vestbygd skule - ombygging		500			
Rossland skule - ventilasjon			10 000		
Tilbygg Meland ungdomsskule			4 000	6 000	
<b>Barnehage</b>					
Ny kommunal barnehage				10 000	14 000
<b>Institusjon/kommunale bustader</b>					
Adgangssystem Meland sjukeheim	200				
Aggregat Meland sjukeheim	3 000				
Balkong omsorgsbustader Meland rådhus		300			
Utleiebustader for vanskelegstilte	6 000	6 000	6 000	6 000	
Omsorgsbustader med heldøgns tilsyn	3 100	3 100		6 000	
<b>Andre bygg</b>					
Idrettshall/symjehall				Må kostnadsbereknast	
Helsehus				Må kostnadsbereknast	
<b>Sum ordinære driftmidlar:</b>	<b>40 540</b>	<b>44 250</b>	<b>24 650</b>	<b>32 500</b>	<b>32 500</b>
<b>Finansiering:</b>					
Bruk av kapitalfond	2 000	2 000			
Lån	38 540	42 250	24 650	32 500	32 500
<b>Sum finansiering ordinære driftsmidlar:</b>	<b>40 540</b>	<b>44 250</b>	<b>24 650</b>	<b>32 500</b>	<b>32 500</b>

## 7.1.1 IKT

### IKTNH-prosjekter

Meland kommune sin del av fellesinvesteringar i IKT Nordhordland. Anslag på løpande investeringar, ikkje definert kva prosjekt som skal gjennomførast i økonomiplanperioden.

### IKT Meland

Løpande investeringar i IKT utstyr i kommunen. Fast årleg sum til diverse tiltak.

### Digitale tavler og Klasesett bærbar PC-ar skulane

Investering i digitalt undervisningsmateriell på skulane

### Ny telefoniløysing

Planlagt ny telefoniløysing i 2017. Vil krevje investeringsmidlar, kor mykje er ikkje avklart, sum er førebels estimat.

## 7.1.2 Teknisk

### Kommunale vegar

Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 1,5 mill pr år. For perioden 2014-2018 er det sett av kr 700 000 pr år. Dette er mindre enn kva kommunedelplanen tilrår, men framlegget er tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane.

### Trafikksikring

Trafikksikringsplan for Meland kommune 2012-2016 er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. For økonomiplanperioden er det sett av kr 300 000,- årleg til trafikksikringstiltak. Dette er mindre enn ønskjeleg i høve til trafikksikringsplanen, men tilpassa totalrammene for dei kommunale investeringane. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.

### Kommunale bygg

Vedlikehaldsplan for kommunale bygningar godkjent av kommunestyret 19.10.2011 legg premissane for det planlagde vedlikehaldet. Årleg handlingsplan med konkrete tiltak vert godkjent av Utval for drift og utvikling.

### Kommunale kaier

Kommunedelplanen for kommunale vegar, godkjent av kommunestyret 12.03.2008, tek for seg vedlikehald og opprusting av både kommunale vegar og kaier. For å få ei oppgradering over ein 15-års periode er det i planen tilrådd avsett kr 0,5 mill pr år. Posten vart i budsjettvedtaket for 2015 teke ut, men vi legg likevel prosjektet inn i framlegget basert på den vedtekne kommunedelplanen.

### Kostemaskin

Kommunen bruker i dag innleid maskin, men behovet er så stort at det bør kjøpast inn ein eigen maskin. Maskina skal nyttast til reingjering av kommunale vegar. Støv og sand frå trafikkerte områder er både miljømessig og helsemessig til ulempe.

### **Ny traktor**

Avdeling for eigedom, anlegg og beredskap har for tida to traktorar. Ein av traktorane er det no behov for å skifte ut grunna høg alder og store reparasjonsutgifter.

### **Kantklippar til traktor**

Kommunen leier i dag inn kantklippar til vegetasjonsrensk langs kommunale vegar. Behovet for vegetasjonsrensk er sterkt aukande, og det er nødvendig å kjøpe inn eigen maskin.

### **Gangbru Mjåtveitvegen**

Eit ledd i utbyggingsavtala for Løypetona der kommunen finansierer deler av trafikksikringstiltaka. Forskoteringsavtale er godkjent av kommunestyret i møte 24.10.2012. Brua har blitt noko dyrare enn først kostnadsrekna.

### **Veglys Dalemarka**

Revidert trafikksikringsplan er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. Veglys i Dalemarka ligg inn som eit av tiltaka på kommunale vegar. Tiltaket overskrid den årlege posten på trafikksikringstiltak, og er difor satt opp som eige prosjekt. Prosjektet må om mogleg sjåast i samanheng med etablering av breiband i området.

### **Veglys Beitingen**

Revidert trafikksikringsplan er godkjent av kommunestyret i møte 12.09.2012. Veglys til Beitingen ligg inn som eit av tiltaka på kommunale vegar. Tiltaket overskrid den årlege posten på trafikksikringstiltak, og er difor satt opp som eige prosjekt. Prosjektet må om mogleg sjåast i samanheng med etablering av breiband i området.

### **Ladestasjon el-bil**

Etablering av ladestasjonar for el-bil.

### **Lesseapparat til strøsand**

For lessing av strøsand og snørydding i tronge bustadfelt

### **Grasklyppar til kyrkjegarden**

Utskifting av eksisterande grasklyppar grunna alder

### **Gravemaskin**

Den gamle er snart utslitt og har store årlege reparasjonskostnader. Kostnaden er delt på vatn, avlaup og kyrkjegard.

## **7.1.3 Kyrkja**

### **Kjøp av sentrumsareal**

I samband med kommuneplanen og områdeplan for Frekhaug sentrum må ein sjå på kommunen sitt behov for areal, mellom anna til ny kyrkjetomt. Det er lagt inn midlar til dette, men nærare utgreiingar må til før ein veit korrekte beløp.

### **Brannvarsling**

Dette er ei gamal sak som diverre har falla ut av økonomiplan og budsjett. Omdisponering av midlar sett av til orgelrestaurering i 2015 kr 300 000,-. Bør prioriterast før restaurering av orgel.

### **Nytt varmeanlegg og kabelnett**

Varmeanlegget slik det er i dag kan påføre orgelet skadar og må skiftast før resturering av orgelet.

### **Restaurering av orgel**

Orgelet er skadd av tørke og må restaurerast. Hadde vore ei føremon at dette var ferdig til jubileet i 2016.

### **Utviding av kyrkjegard**

Det er eit krav om at kommunen skal ha ledige gravplassar til 3 % av innbyggerane til ein kvar tid. Prognosar viser at ein i rundt år 2017 ikkje lenger vil tilfredsstille dette kravet. Det er ønskjeleg at det vert bygd 600 nye gravplassar innan 2020. Hovudplan for utviding av Meland kyrkjegard skisserer ei utviding i bratt terreng. Nytt lovverk om universell utforming gjer at kommunen no må vurdere andre areal for utvidinga. Anna areal er no teke inn i høringsutkast til kommuneplanens arealdel. Detaljregulering av nytt areal og revidering av hovudplan bør gå i gang snarleg etter godkjenning av ny kommuneplan. Utviding av kyrkjegard må også omfatte omlegging av veg som no går over kyrkjetunet.

## **7.1.4 Skular og barnehage**

### **Uteområde skuler**

Investeringar i uteområde for elevar og parkeringsplassar

### **Tilbygg Grasdal skule**

Det er behov for 4 nye klasserom med tilhøyrande grupperom samt kontor og møterom for lærarane. Tilbygget bør stå klart til skulestart haust 2016.

### **Tilbygg Sagstad skule**

Det er behov for 6 nye klasserom med tilhøyrande grupperom samt kontorer og møterom for lærarane. Tilbygget bør stå klart til skulestart haust 2016. Det er også eit behov for større skuleplass.

### **Vestbygd skule – ombygging**

Ombygging for å ivareta elevar med særskilte behov

### **Rosland skule ventilasjon**

Etablering av ventilasjonsanlegg på den eldste delen av skulen. Er kun naturleg ventilasjon i dag.

### **Tilbygg Meland ungdomsskule**

Det er behov for 3 nye klasserom med tilhøyrande grupperom. Det er noko usikkert når tilbygget bør stå klart. Det er i denne omgang lagt inn ferdigstilling i 2018.

### **Ny kommunal barnehage**

Prognoser viser at det etterkvart vil bli for lite kapasitet på barnehageplassar i kommunen. Prognosane er usikre, men ein reknar med at det kan bli aktuelt i slutten av økonomiplanperioden. Det er ønskjeleg og bygge ein ny stor kommunal barnehage. Planlegging ikkje iverksatt, budsjettsum er estimat.



## 7.1.5 Helse, sosial og omsorg

### Adgangssystem Meland sjukeheim

Meland sjukeheim har i dag tre ulike system. For å ivareta både tryggleiken til pasientar og ansatte er det behov for å etablere eit samla system på bygget. Ein reknar også med og måtte skifte ut fleire av dørene.

### Aggregat Meland sjukeheim

Er behov for eit aggregat på Meland sjukeheim som kan sikre straumtilførsel i beredskapssituasjonar. Inkludert i budsjettsummen er og tilrettelegging av det elektriske anlegget ved sjukeheimen slik at omkopling til straumforsyning frå aggregatet vil fungere i ein situasjon med utfall av straum.

### Balkong omsorgsbustader Meland rådhus

Leigetakarar har i dag ikkje eige uteopphaldsareal, noko som er svært ynskjeleg å få til. Det må gjerast ei nærare vurdering av teknisk løysing og kostnadskalkylen er difor svært usikker.

### Utlegebustader for vanskelegstilte

Ny temaplan for Helse, sosial og omsorg 2015-2018 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. Temaplan er strategisk dokument som skal følgjast opp med eigne Handlings- og tiltaksplanar for dei einskilde tenesteområder.

I høve busetting av flyktningar har Kommunestyret vedtak i sak 57/2014 om mottak av 15 nye flyktningar per år i perioden 2015-2017. Det er soleis trong for fleire kommunale utlegebustader. Det er ønskjeleg at kommunen eig desse bustadane framfor å leige dei. Det er lagt inn kjøp av 3 bustader per år i planperioden. Storleik på hus samt lokalisering/bumiljø vert å vurdere. Det er eige investeringstilskot via Husbanken på inntil 40 % til det enkelte prosjekt.

### Omsorgsbustader med heldøgns helse- og sosialteneste

Ny Temaplan for Helse, sosial og omsorg 2015-2018 samt eigen Bustadmelding er under arbeid. I 2016 er det vurdert behov for å kjøpe ein ny einbustad grunna behov for rehabilitering av eldre kommunal bustad som per tid vert nytta med forsterka tenesteyting .

I 2018 er det vurdert behov for å bygge nye omsorgsbustader sentralt i Meland, 12 stk. bueiningar med fellesareal. Bygningsmasse kan både vurderast å vere samla i 1 bygg eller delast i 2 separate bygg (2x6 einingar). Målgruppa er personar som treng tenester på ulike tider av døgnet. Omfang av tenester vil kunne vaiere gjennom døgnet og over tid. Dette kan inkludere personar med langvarig somatisk sjukdom, funksjonshemming, utviklingshemming, rusvanskar og/eller psykiske lidningar. Det er eige investeringstilskot via Husbanken. Per i dag er dette på 1,3 mill per bustad.

## 7.1.6 Andre bygg

### Idrettshall/Symjehall

Det er eit stort behov for ny idrettshall i kommunen. Både Sagstad skule og Meland ungdomsskule manglar gymsal. Dei lokala som i dag vert leigd (Meland Aktiv, Nordhordland folkehøgskule) byrjar å få lite kapasitet. Ved bygging av ein ny idrettshall er det ønskjeleg å bygge eit anlegg som kan nyttast i fleire samanhengar og også kunne fungere som eit regionalt anlegg. Her vil det også kunne vere ønskjeleg å etablere eit nytt symjebasseng. I dag er det berre Rossland skule som har symjebasseng.

Bassenget er av eldre dato, og vil ha ei avgrensa levetid. Tiltaket er førebels ikkje utgreidd ettersom det ikkje er funne rom for det i økonomiplanperioden.

### **Helsehus**

Det er behov for samlokalisering og større lokale til fastlege, helsestasjon, fysioterapi og psykiske helsetenester på Frekhaug. Grunna usikkerheit knytt til framtidig bruk av Meland rådhus i ein eventuell ny kommunestruktur, er det ikkje lagt inn noko midlar til helsehus i denne økonomiplanperioden.

## **7.2 Kommentarer til investering i sjølvkostprosjekt – Vassverk og Avlaup**

Framlegg til investeringar er basert på vedteken tiltaksplan for Vassforsyning, avlaup og vassmiljø. Investeringane er planlagt som ein heilskap for å oppfylle målsetjingane i denne planen, og endringer i investeringsnivå krev at tiltaksplanen må revurderderast.

<b>Framlegg til investeringar øk.plan 2016-2019</b>		alle tal er ekskl. mva				
<b>Investeringar i Vassverk og avlaup (sjølvkostfin.)</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>	
<b>Vatn</b>						
Vassleiding Ådlandsvågen - Landsvik	3 000	12 000				
Nytt fullreinseanlegg i Hestdalen	500	20 700	23 900			
Mobilt straumaggregat vassverk	1 000					
Vassleiding Fløksand-Beitingen	3 000	9 400				
Vassleidning Tveit-Holme		3 600				
Vassleiding Landsvik-Rossland		11 100	11 100			
Vassleiding Vollo-Brakstad				12 300		
Nytt høgdebasseng Rossland				5 000		
Vassleiding Litlebergen-Frekhaug				6 600	6 600	
Vassleidning Flatøy-Knarvik				2 000	3 000	
Gravemaskin (delsum)		250				
<b>Avlaup</b>						
Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit	500	6 600	4 700			
Orrhøyen II - slamavskiljar	1 900					
Orrhøyen I - slamavskiljar og utslepp	900					
Sanering Fløksand		5 100				
Sanering Brakstad			4 000	2 000		
Oppgradering Varnappen reinseanlegg			1 000			
Overføring Leirdalen-Eikeland				4 500		
Separering Grønlandsområdet	2 500	2 500	2 500			
Sanering Rosslandspollen			5 000	5 000	5 000	
Spylevogn		300				
Gravemaskin (delsum)		250				
<b>Sum VA-investeringar:</b>	<b>13 300</b>	<b>71 800</b>	<b>52 200</b>	<b>37 400</b>	<b>14 600</b>	
<b>Finansiering:</b>						
Lån:	13 300	71 800	52 200	37 400	14 600	
<b>Sum finansiering:</b>	<b>13 300</b>	<b>71 800</b>	<b>52 200</b>	<b>37 400</b>	<b>14 600</b>	

## 7.2.1 Vatn

### Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik

For å unngå nye tiltak og investeringar for Husebø vassverk vil ein tilrå å kople Husebø til Meland vassverk ved bygging av ein leidning frå Ådlandsvågen ned til Riplevika og vidare i sjøleidning over til Landsvik, der leidningen vert kopla til eksisterande vassleidning. Då Mattilsynet har stilt krav om oppgradering av Husebø vassverk, vil ein tilrå at sambandet mellom Meland vassverk og Husebø vassverk vert bygd snarast. Husebø vassverk kan avviklast når Husebø forsyningsområde er knytt til Meland vassverk.

### Nytt fullreinseanlegg - Hestdal

For å sikre Meland kommune godt, nok, og sikkert vatn i framtida vert det tilrådd å byggje ut eitt hovudvassverk i kommunen. Dette er også i samsvar med tilrådinga i utkast til kommuneplanen for 2014-2025. Nytt hovudvassverk vert tilrådd bygd som eit fullreinseanlegg i nærleiken av eksisterande Meland vassverk i Hestdalen. Det er avsett areal til dette i utkastet til kommuneplan for 2014-2025. Storavatnet vil bli ny råvasskjelde. Dagens inntak i Kvernavatnet og Storavatnet vert haldne ved like som kriseforsyning. Arbeidet med planlegging av nytt hovudvassverk i Hestdalen bør starte snarast med utarbeiding av eit skisseprosjekt der ein drøftar aktuelle behandlingsprosessar.

### Mobilt straumaggregat Meland vassverk

Det er gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse for vassforsyninga i Meland kommune, der det har kome fram at det er behov for eit straumaggregat på Meland vassverk.

### Vassleidning Fløksand-Beitingen

For å sikre vassforsyninga til Rossland vil ein tilrå bygging av ny leidning frå Fløksand til Beitingen. Denne leidningen vil gje ei ringleidning som gjev ei tryggare forsyning til Rossland.

### Vassleidning Tveit-Holme

I samband med legging av ny avlaupsleidning frå Tveit til Holmeknappen vert det tilrådd å oppgradere eksisterande leidning frå Tveit til Holme i felles grøft med avlaupsleidning.

### Vassleidning Landsvik-Rossland

For å sikre vassforsyninga til Husebø og Rossland, og klarlegge for nytt høgdebasseng på Rossland, vert det tilrådd ein ny leidning frå Landsvik til Rossland. Dette vil gje eit ringsamband som gjer det mogeleg å forsyne Husebø også frå Rossland ved eventuell driftsstans for den nye sjøleidningen Riplevika-Landsvik. Vidare vil også Rossland få betre sikring fordi det vil vere mogeleg å forsyne Rossland gjennom ny sjøleidning Riplevika-Landsvik.

### Vassleidning Vollo-Brakstad

I samband med bygging av ny avlaupsleidning frå Vollo til Brakstad vil ein tilrå ei oppgradering av eksisterande leidning frå Vollo til Brakstad i felles/delvis felles grøft med avlaupsleidning.

### Høgdebasseng Rossland

For å gje betre sikring av forsyninga i den nordvestlege delen av kommunen vil ein tilrå å byggje eit høgdebasseng på Rossland. Denne delen av kommunen har ikkje nokon form for utjamning/magasinerings. Eit høgdebasseng vil gje god sikring også mot evt. leidningsbrot på overføringsleidningen frå Meland vassverk. I tillegg vil eit høgdebasseng her betre trykktilhøva i

nettet. Etter legging av sjøleidningen frå Riplevika til Landsvik kan ein få ujamne trykktilhøve som kan utjamnast i eit høgdebasseng.

#### **Vassleidning Litlebergen – Frekhaug**

For å sikre forsyninga til Frekhaug og legge til rette for vidare utbygging både på Frekhaug og Flatøy vil ein tilrå bygging av ein ny vassleidning frå Litlebergen til Frekhaug.

#### **Vassleidning Flatøy-Knarvik**

Det har lenge vore eit ønskje om å betre beredskapen i vassforsyninga gjennom eit interkommunalt samarbeid.

### **7.2.2 Avlaup**

#### **Avlaupsleidning Holmeknappen-Tveit**

I 2011-2012 vart det bygd felles vassforsynings- og avlaupsleidningar mellom Vollo og Tveit vegkryss, langs Brakstadvassdraget. I tillegg er det etablert leidningsanlegg langs ei strekning forbi barnehagen på Holme. Desse tiltaka er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget. Førre er ingen tilknytt avlaupsanlegget. For å gjere ferdig saneringstiltaket må det byggjast reinseanlegg og utslepp ved Holmeknappen, og avskjerande leidningsanlegg opp til fv.564 – og vidare opp til vegkrysset på Tveit, der det vert tilkopa eksisterande avlaupsleidning. Dette tiltaket var og med på investeringsplanen i hovudplanen 2010-2014, men vart ikkje utført.

#### **Orrhøyen II – slamavskiljar**

Bustadfeltet har til no hatt avlaup som går rett i fjorden utan reinsing. Bygging av slamavskiljar er ferdig prosjektert, og arbeidet vil starte opp i byrjinga av 2015.

#### **Orrhøyen I – slamavskiljar og utslepp**

Meland kommune skal overta privat avlaupsanlegg for bustadfeltet Orrhøyen I. Eksisterande slamavskiljar og utsleppsanlegg er i dårleg stand og må utbetrast.

#### **Sanering Fløksand**

I samband med vassleidning Fløksand-Vikebø er det bygd leidningsanlegg for avlaup langs delar av Fløksandvegen. I dette tiltaket inngår bygging av reinseanlegg (slamavskiljar) og utsleppsleidning. I tillegg vert avlaupsanlegget utvida langs Vestbygdvegen, for å utløyse bustadfeltet på austsida av fylkesvegen.

#### **Sanering Brakstad**

På nordvestsida av Brakstadvatnet er det om lag 30 bustader og noko næring (samla ca 120 pe), der avlaupsvatn drenerer til vassdraget. Avlaupsvatnet vert samla i ei ny pumpestasjon langs veggen, og overført mot Fløksand i vest. Leidningsanlegget må først fram til utbygd anlegg på Fløksand. Saneringstiltaket er ein del av eit større prosjekt med å avlaupssanere Brakstadvassdraget, og var med i handlingsplanen 2010-2014 (med ei anna løysing).

### **Oppgradering Varnappen reinseanlegg**

Varnappen RA er i dag ikkje tilrettelagt for å dokumentere mengde eller kvalitet på reinsa avlaupsvatn (alternativt reinseeffekt). Dette er eit krav i avlaupsregelverket (frå 1.1.2007) for utslepp i tettstader > 1000 pe (som Frekhaug). Innhald av suspendert stoff i avlaupsvatnet skal målast kvar månad, slik at ein kan dokumentere om utsleppet stettar det nasjonale minstekravet til innhald/reinseeffekt for denne type anlegg og resipient. Det må etablerast punkt for å hente ut representative vassprøvar (mengdeproporsjonal prøvetaking), og det må installerast mengdemålar.

### **Overføring Leirdalen-Eikeland**

Ein ønskjer å avlaste pumpestasjonen i Vikebø, og den lange utsleppsleidningen gjennom Roslandspollen. Det er satt av eit stort område til bustadføre mål sør for Leirdalen, området drenerer til Leirdalen der kommunen allereie har pumpestasjon (for bustader og verksemd på Ryland) som overfører avlaupsvatn mot Vikebø. Tiltaket går ut på å etablere overføringsanlegg mellom eksisterande pumpestasjon og eksisterande avlaupsnett på Eikeland (i sør-vest), og "snu" pumperetninga. Avlaupsanlegget på Eikeland blir bygd ferdig med reinseanlegg (slamavskiljar) og utslepp i 2014. Avlaup frå ca. 130 pe vert då overført til Eikeland, og avlasta frå reinseanlegget på Vikebø. I tillegg kjem avlaup frå framtidige utbyggingsområde.

### **Separering Grønlandsområdet**

Det er behov for å redusere vassmengda som går i overlaup rundt reinseanlegget på Varnappen. Vassmengde og -kvalitet er sterkt påverka av nedbør. Hovudårsaka er at det kjem inn mykje framandvatn i nettet frå bustadfeltet på Grønland. Overvatn frå tak og vegsluk er i dag kopla direkte inn på det kommunale avlaupssystemet, og i periodar med langvarig eller kraftig nedbør blir mengdetilførselen høgare enn kapasiteten til reinseanlegget. Overvatn bør separerast frå sanitært avlaupsvatn i området, det bør byggjast eige overvass-system som leier "reint" overvatn til næraste bekk/terreng

### **Sanering Roslandspollen**

Roslandspollen er ei innelukka og sårbar resipient med dårleg vassutskifting. Oppsamla avlaup ved Ryland-Vikebø vert ført ut av pollen gjennom ei lang pumpeleidning, til utslepp i Herdlefjorden. Men det er mange bustader i Rosland-, Skurtveit- og lo-området som har direkte/indirekte avlaupsutslepp til pollen. Sjølv om det i seinare tid er sett krav til reinsing i minireinseanlegg frå spreidd busetnad i nedslagsfeltet, er det eit langsiktig mål å få sanert Roslandspollen for alle utslepp. Oppsamla avlaupsvatn bør leiast ut i det opne fjordsystemet, Herdlefjorden. Det er relativt store avstandar og komplisert terreng i nedslagsområdet, og det bør utarbeidast ei samla plan for korleis ein kan sanere eksisterande utslepp til Roslandspollen og overføre avlaupsvatnet til Herdlefjorden.

### **Spylevogn**

Den gamle er for svak. For spyling av kummar og leidningar.

### **Merknad vedr. periodisering av investeringsprosjekt:**

Fleire vass- og avlaupsprosjekt som budsjettet i 2015 vil kome i gang seint på året. Dette inneberer at ein del midlar må overførast frå 2015 til 2016. Tilsvarande er det noko periodisering mellom kva som var planlagt utført i 2014, men som vart forskyve til 2015. Desse forholda vil verte retta opp i ved budsjettrevisjonar i 2015.

### 7.3 Oppsummering investeringar

			alle tal er ekskl. mva		
<b>Framlegg til investeringar øk.plan 2016-2019</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Sum ordinære driftmidlar:	40 540	44 250	24 650	32 500	32 500
Sum VA-investeringar:	13 300	71 800	52 200	37 400	14 600
<b>Sum alle investeringar:</b>	<b>53 840</b>	<b>116 050</b>	<b>76 850</b>	<b>69 900</b>	<b>47 100</b>
<b>Finansiering:</b>					
Bruk av kapitalfond	2 000	2 000	-	-	-
Lån	51 840	114 050	76 850	69 900	47 100
<b>Sum finansiering alle investeringar:</b>	<b>53 840</b>	<b>116 050</b>	<b>76 850</b>	<b>69 900</b>	<b>47 100</b>

Merk at alle beløp er ekskl. mva. I budsjettet skal det for dei fleste investeringar i ordinære driftsmiddel påplussast mva, men refusjon mva vert og plussa på som finansiering, og bruk av lån og kapitalfond vert ikkje endra.

Opptak av lån til vidareutlån (startlån) er ikkje med i økonomiplanen. Vil verte inkludert i endeleg budsjettframlegg.

## 8 Vidare arbeid med økonomiplanen

Økonomiplanen for 2016-19 dannar grunnlag for rådmannen sitt arbeid med budsjettet for 2016. Vi vil samstundes med budsjettarbeidet for 2016 arbeide vidare med tala, rammene og prioriteringane i økonomiplanen, og leggje fram ein revidert økonomiplan til handsaming saman med budsjettet for 2016 dersom vi meiner det er behov for det.